

# Fri rørsle for namn? Sjølvetnografiske perspektiv på namnedysfori, identitet og statsborgarskap

---

Guy Puzey

**Abstract:** This article considers affective dimensions of personal names by combining autoethnographic methods with close observation of the use of personal names in identity documents. The article focuses especially on the psychological aspects behind a decision that the author made at a young age to change his first name. Furthermore, it suggests that Carl Rogers' concept of *conditions of worth* offers insights into personal naming practices, while the notion of *incongruence* provides a useful framework for understanding some typical reasons for changing a name. The author proposes *onomastic dysphoria* as a term to encapsulate the extreme mismatch an individual may experience between their own name and their self-concept. By analysing the bureaucratic implications of the name change and a subsequent naturalisation application, the article makes a case for free movement of names at an international level.

**Keywords:** autoethnography, name changes, personal names, passports, identity documents

---

Guy Puzey (University of Edinburgh). Freedom of movement for names?  
Autoethnographic perspectives on onomastic dysphoria, identity, and citizenship.

This is an Open Access article distributed under the terms of the Creative Commons 4.0 International licence (CC BY 4.0) (<http://creativecommons.org/licenses/by/4.0/>), which permits unrestricted use, distribution, and reproduction in any medium, provided the original work is properly cited.

## 1. Innleiing og problemstilling

Perhaps only when the distance between the human and the citizen can be recognized in that alienating moment of experiencing oneself as though one were somebody else, and one's home as though it were somebody else's, will citizenship come close to fully embracing the bonds of affect. (Cho 2009:286)

Denne artikkelen tek opp fleire spørsmål som er knytte til korleis vi opplever det affektive aspektet av identitetsfunksjonen til personnamn både i oppveksten generelt og spesielt i møte med staten. Meir spesifikt i onomastisk samanheng skal eg setje søkjelys på ei problemstilling om kva psykologi og kjensler som kan ligge bak når ein byter namn. Kva skjer så når ein faktisk kryssar grensa frå det gamle namnet til det nye, og kva skjer når ein skal bruke det nye namnet sitt til å krysse grenser ute i verda til andre juridiske og kulturelle samanhengar? Artikkelen handlar altså om kor mykje fridom og handlingsrom vi har til å finne oss igjen i eit namn som passar betre med vårt eige sjølvomgrep, kva som skjer dersom det nye namnet står i fare, og kva dette har å seie for andre fridommar som fri rørsle på eit internasjonalt plan.<sup>1</sup>

Eg skal sjå på dette temaet gjennom to metodologiske linser. Eg vil byrje med nokre ganske kortfatta merknader om identitetspapir som gjenstandar og som delar av det skriftlege språklandskapet i samfunnet, og med eit par eksempel vil eg vise korleis språk- og makthierarki vert synlege i trykk og gjennom regelverk. Her ser eg på desse dokumenta som kulturprodukt frå «the history of paperwork» (Aristide Zolberg, sitert i Lucassen 2001:252). Til sist skal eg gå litt djupare inn i emnet ved å undersøkje sjølvetnografiske metodar for å reflektere på eigne røynsler med personnamn i forskjellige lovverk og på kryss og tvers av grenser.

Emilia Aldrin (2011; 2017) har vist at foreldre skapar sosiale posisjoneringer når dei vel namn til barna sine. Det same gjeld nok også

<sup>1</sup> Tusen takk både til Arne Kruse for nyttige innspel om artikkelen og til dei anonyme fagfellane for godhjarta tilbakemelding. Eg takkar dessutan alle som har vist tolmod og hjelpt til med å finne fram til meg sjølv i denne namnesoga.

når det er namneberaren sjølv som vel namnet sitt, og sjølvetnografi kan gi innsikt i korleis dette kan skje. Den sjølvetnografiske analysen er gjennomsyrt av refleksjonar om rolla visse identitetspapir og -dokument spelar i livet til ein enkelt namneberar (og i livet til namna hans), saman med innsikt om psykologien bak namngjeving, identitet og sjølvomgrep, og kva forskjellar mellom lovverk kan innebere for namneberarar. Sjølvetnografien vert motoren for ein tur i ein psykologisk tidsmaskin og er noko eg meiner har stort potensial i verktøykassa til namnegranskurar.

## 2. Identitetspapir si rolle i engstelege ritual

Tilnærminga til namn og identitet i denne artikkelen tek utgangspunkt i det heilt konkrete, nemleg i identitetspapir og andre offisielle dokument som utøver makt overfor personnamna til individet. Desse dokumenta kjem til å vere ein raud tråd i sjølvetnografien og er ein viktig del av sjølve datamaterialet. Når vi vil at andre, og ikkje minst staten og andre myndigheter, skal vite kva vi heiter og bruke det riktige namnet, treng vi ofte slike papir. Vi møter desse papira saman med namna våre først som nyfødde som får fødselsattestar, og andre identitetspapir kjem etter kvart til å prege ein stor del av livet vårt i møte med det offentlege. Dette kjem ikkje minst til syne når vi skal krysse grenser mellom land. Reglement for grensekontroll varierer frå ein stat til ein annan, men der det finst betente grenseovergangar, vil representantar for den utøvande statsmakta som ofta krevje at reisande viser fram eit pass, ID-kort eller liknande dokument. I slike dokument inngår personnamn blant andre vesentlege personalia, inkludert ofte stadnamn, i form av for eksempel fødestad og namnet på staten sjølv. Også når eit menneske søker nytt statsborgarskap, vert identitetspapir ein hjørnestein i den prosessen.

Symbolikken til identitetspapir som kvardagslege dokument utferra av staten kan ha noko til felles med den såkalla «banale» nasjonalismen (Billig 1995), men ordet *legitimasjon* seier mykje om den politiske verdien til slike dokument. Dei kan stadfeste at vedkommande i statens auge har lov til å reise til eller bu i ein viss stat, og den

sørgjelege situasjonen til papirlause migrantar vitnar om kva det kan innebere å ha papir med visse privilegium. Identitet er mykje meir enn berre elementære biografiske opplysingar, men ved å analysere korleis statsmakter bruker namn i slike skriftlege kulturprodukt, kan vi forstå meir om korleis statens namngjevingsideologiar heng saman med kulturtradisjonar og rammene for namn og identitet i samfunnet. Sjølve staten som institusjon finst «in the fragmented and multifarious processes of its administrative activities» (Caplan 2001:66), så vi kan til og med forstå meir om forholdet mellom staten og individet generelt. Legitimasjon legitimerer ikkje berre individet administrativt men også ideologien om statssuverenitet. I denne artikkelen vil eg komme inn på fleire forskjellige typar identitetspapir, men passet er i særklasse når det gjeld makta til dokumentet og kor mykje merksemd det får både kulturelt og i forskingslitteraturen.

Slike dokument byr på utfordringar ettersom personleg identitet er flytande. Det er ikkje lett å setje identiteten til ein person i enkle rammer eller i ein boks, men det er nettopp det slike dokument krev. Det er spesielt dette aspektet eg gjerne vil utforske her. Desse dokumenta er biografiske gjenstandar som vi bruker mykje for å stadfeste at vi er den vi seier at vi er, og dei speler også ein rolle i korleis og kor langt vi kan bevege oss, men samtidig har vi ofte lite innverknad på korleis dokumenta framstiller oss. Ofte får vi ikkje eingong smile på passbiletet. Lily Cho (2009:276) reflekterer over at «the ideal citizen, in the eyes of the state, is an emotionally neutral one», medan Shahram Khosravi (2010:62) skriv at passa våre ikkje tilhøyrer oss; vi tilhøyrer passa våre. Erdal og Midtbøen (2023:33) påpeikar at er det viktig å sjå på slike dokument «nedanfrå», der det vert tydeleg at «the passport is not only important for mobility, but also for the experience of safety, as well as for whether or not individuals feel included within the nation – and by the nation-state – as who they are».

Identitetspapir kan også vise korleis staten vil framstå symbolsk. Sjølv om det aldri har vore slik at EU tvingar statar til å bruke burgunderfarga pass, var det for eksempel mange i Storbritannia som trudde at det var slik, ettersom britiske pass var mørkeblå inntil 1988.

Frå 2020 er passa blå igjen.<sup>2</sup> Dette var ei lita endring, men det hadde stor symbolsk meinings for mange på begge sider av EU-debatten.

Pass viser også noko om maktforhold mellom språk. Det nye ordinære norske passet har frå 2020 tekst på bokmål, nynorsk, nord-samisk og engelsk.<sup>3</sup> Det nye britiske passet frå 2021 har noko tekst på engelsk, walisk, skotsk gælisk, irsk, fransk og spansk. Den førre versjonen hadde alle dei andre EU-språka, og versjonen før det igjen hadde frå 2010 til 2015 ein liten bonus språkfeil i namnet på staten på italiensk.<sup>4</sup> Innanriksdepartementet i Aotearoa New Zealand presenterte ny passdesign i 2021 med māori plassert før engelsk gjennom heile passet.

Denne artikkelen vil leggje hovudvekt på personnamn, men det kan også vere av interesse for namnegranskurar å vurdere haldningar og tilknyting til stadnamn i pass, eller «toponymic attachment» (Kostanski 2009). I mange land står fødestaden blant opplysingane, men i sveitsiske pass og identitetskort er det ein annan stad som står der, nemleg opphavsstaden (*Heimatort, lieu d'origine* eller *luogo d'origine*). Dette er ein stad som sveitsiske statsborgarar arvar frå foreldra, som oftast frå faren. Det kan vere den same kommunen der familien budde, eller det kan vere ein kommune der familien etablerte seg fleire generasjonar tidlegare. Folk kan evt. føle sterke tilknytingar til denne kommunen sjølv om dei sjeldan eller aldri har vitja staden.

Ein kan også føle ei tilknyting til sjølve dokumentet, som er godt illustrert i eit dikt av Vladimir Majakovskij frå 1929, gjendikta til norsk av Martin Nag, om det purpurraude sovjetpasset sitt. Passet framstår i dette diktet ikkje berre som eit dokument til bruk når ein

<sup>2</sup> Det franske-nederlandske firmaet Gemalto (som vart kjøpt av Thales i 2019) vann produksjonskontrakten for dei nye britiske passa og lagar dei i Polen (Handley 2019).

<sup>3</sup> Bilete av alle dokumenta som eg viser til i dette avsnittet, finst i PRADO (Public Register of Authentic Identity and Travel Documents Online), som er ein database oppretta av Rådet for Den europeiske unionen (Council of the European Union 2023). Sjå dokument NOR-AO-06001, GBR-AO-06001, GBR-AO-05001, GBR-AO-04001 og NZL-AO-04001.

<sup>4</sup> Namnet stod nemleg skrive «Regno Unito di Gran Bretagna de Irlanda del Nord» med «de» i staden for det riktige «e» eller «ed».

skal krysse ei grense men snarare som uttrykk for identiteten til ein ny stat som ville vise makta si internasjonalt og ideala som staten teoretisk sett skulle stå for. Politiet i dette diktet som «smiler pent // til noen pass» men «er full av forakt // overfor andre» (Majakovskij [1929] 1970:129), viser dessutan noko av dei spente maktbalansane i å krysse ei grense. Torpey (2018:228) skriv at «passports and identity documents reveal a massive illiberality, a presumption of their bearers' inclination to be less than forthcoming when called upon to identify themselves». Alt dette heng godt saman med det Orvar Löfgren (2015:272) skriv om det engstelege grensekryssingsritualet:

In psychological terms, anxiety is held-back energy. Border crossings mold and channel such anticipations, which can turn into both uneasiness and excitement, dread and desire. Through its ritual staging of such passages, the nation-state gives this energy cultural form and focus.

Dei sjølvbiografiske refleksjonane i denne artikkelen vil ta dette vidare ved å granske det affektive ved namnebruk i identitetspapir og i grensekryssingar mellom namn og mellom land.

### 3. Sjølvbiografi som metode

Sjølvbiografi (på engelsk: *autoethnography*) er ein kvalitativ metode eller ein forskingsstil som samfunnsforskarar har brukt i fleire tiår no, men som namnforskjarar ikkje har brukta særleg mykje, i alle fall ikkje eksplisitt. Denne metoden byggjar på personlege røynsler til forskaren sjølv for å skildre eller vurdere vidare kulturelle og sosiale fenomen.

Ved å fokusere på det subjektive står sjølvbiografi i motsetnad til den positivistiske tendensen som ligg til grunn for mange forskingsfelt. Dette er snarare ei fenomenologisk tilnærming som utforskar korleis individet interagerer med kultur og samfunn (Pitard 2019), noko som er spesielt relevant her ettersom denne artikkelen skal drøfte forhold mellom namngjeving og forskjellige regelverk, og utviklinga

av statsbyråkrati er også ganske sterkt knytt til positivismen (Dobuzinskis 1997). Ifølgje Bent Flyvbjerg (2001:40) er det viktig å hugse at samfunnsforskning treng tilnærmingar som er i stand til å ta for seg den menneskelege samanhengen:

a social science theory of the kind which imitates the natural sciences, that is, a theory which makes possible explanation and prediction, requires that the concrete context of everyday human activity be excluded, but this very exclusion of context makes explanation and prediction impossible.

Ein sjølvetnografi kan som oftast berre gi éi framstilling av verda, og til skilnad frå mange andre samfunnsorienterte metodar, er subjektiviteten særskilt viktig. Sjølvetnografiar treng ikkje å vere universelle eller generaliserbare, men sjølvetnografikarar erkjenner likevel «the provisional character of the self-understanding they seek» (Bochner 2017:70). Ein ansvarleg sjølvetnografisk metodologi opnar for «compassionate and consequential research» (Adams 2017:65), der mellommenneskelege samanhengar og relasjonar utgjer sjølve hjartet i metoden (Bochner 2017:70).

Sjølvetnografi, som etnografi elles, treng ikkje å byrje med ein hypotese. Etnografiar kan i staden ofte vere «*hypothesis-generating* and open-ended, rather than *hypothesis-testing* and finite» (Puchowski 2023:208, original framheving), men Flyvbjerg (2003:193) påstår at kasusstudiar er nyttige både for å generere og prøve hypotesar. I denne studien finst det ei overordna problemstilling om namnebyte, men heller ikkje alle (sjølv)etnografiar byrjar frå problemstillingar: Dei kan for eksempel ha til føremål å skape debatt. Kasusstudiar kan i alle fall danne «tjukke» kvalitative skildringar, eller «fyldige» og «rike» (Myklebust 2002).

Når det gjeld kva metoden reint praktisk inneber, er det vanskeleg å gi eit altomfattande oversyn ettersom det er nesten like mange sjølvetnografiske undersjangrar som det finst sjølvetnografikarar. Det er ein brikolasje av metodar (Gariglio 2018:213), men det finst nokre vanlege fellestrekks. For det første er det ein viktig forskjell mellom sjølvetnografiar og sjølvbiografiar at sjølvetnografiske forskarar vanlegvis

siktar på å bruke eigne røynsler til å vise eller avduke noko større i samfunnet. Dei prøver alltid å hugse det vidare samfunnsperspektivet og vil ofte byggje ein dialog mellom det indre og det ytre gjennom systematisk sosiologisk introspeksjon (eng. *systematic sociological introspection*; Ellis 1991), som er «the process of thinking about thinking and feeling about feeling in a focused way in order to examine the lived experiences of the self» (Ellis 2008:853). Mange forskarar vil byrje dette ved å skrive notat for å ta opp alle detaljar, tvitydige tankar og kjensler, slik at dei kan gi narrativ form til røynslene som dei vil skildre. Så vil forskaren bruke «emotional recall» for å framkalle stadig fleire affektive minne frå desse røynslene på ein måte ikkje heilt ulik metodeteknikkane som Lee Strasberg utvikla til bruk blant skodespelarar (Ellis 2008:854; Gariglio 2018; Fox 2021).

Ein annan viktig komponent er refleksivitet, der forskaren erkjenner sine eigne roller og privilegium i samfunnet og ønskjer å skape narrative forteljingar om for eksempel makt, mellommenneskelege forhold, tabu og andre røynsler (Adams et al. 2015:103). Resultata av denne forskingsstilen kan femne alt frå tverrkunstnariske performancesstykke til noveller, romanar og meir tradisjonelle forskingspublikasjonar som denne artikkelen. Arthur P. Bochner (2017:71–72) skildrar den typiske refleksjonsprosessen veldig godt:

Here's how an autoethnographic temperament works: You listen closely to yourself talking; you talk back to yourself, commenting directly on what you hear yourself saying; you don't stop there but rather insist on keeping the conversation going, interpreting and reinterpreting, discovering something strange about the self you started with as you try to transform yourself into a new being. The conversation moves in the direction of edification as you show a willingness to be your own worst critic [...] striving for an acute self-consciousness and a shameless subjectivity. [...] You don't arrive at any neat or concise answers, but you are able to lure readers into your story by asking searching questions within episodes of unfolding instances of lived-through life [...].

Refleksiviteten i sjølvbiografi kan hjelpe til å avsløre delar av ei narrativ sanning som kan ha vore skjult i mange år også for forskaren

sjølv. I dette tilfellet vil det seie at denne metoden kan avsløre undertrykte kjensler som kan vere vesentlege for å forstå sider av forholdet mellom namn og identitet.

Det finst mange forskjellige sjangrar innanfor sjølvetnografi. Sparkes (2020:292) legg fram ei nyttig oversikt over nokre av nøkkel-sjangrane innanfor sjølvetnografi. Adams et al. (2015) skriv dessutan om fire overordna hovudkategoriar i sjølvetnografi: «realist», «impressionist», «expressionist» og «conceptualist». Nokre av desse greinene legg mykje vekt på det estetiske og på å skrive på ein kreativ eller skjønnlitterær måte, ikkje minst den såkalla «evocative autoethnography» (Bochner & Ellis 2016), som vi kan forsøkje å omsetje til norsk som «den levande og stemningsfulle sjølvetnografien». Blant andre viktige straumdrag finst også den analytiske sjølvetnografien (Anderson 2006), som siktar mot å finne vidare analytisk verdi i personlege røynsler. Det er no kanskje på tide å leggje til denne lista ei ny grein med namneorientert sjølvetnografi, altså *onomastic autoethnography*. Vi kan også tenkje på sjølvetnografien som ein ny metode i namnegranskning, altså *autoethnographic onomastics* (Wheeler 2018a).

## 4. Sjølvetnografi og namnegranskning

Det finst nokre eksempel på sjølvetnografiar som drøfter namneproblematikkar. Sara Louise Wheeler har skrive fleire flotte artiklar om namn og sjølvetnografi. Ho har ofte opplevd at andre har uttalt førenamnet hennar feil, og dette fortel mykje om språk og makt. Namnet hennar *Sara* skal ein nemleg uttale på den walisiske måten, som dessutan liknar på den norske, men ho har opplevd altfor ofte at folk uttaler namnet som det engelskspråklege *Sarah* (Wheeler 2016). Ho reflekterer også over openberringa ho hadde da ho oppdaga namnegranskning som felt, og ho skriv om dei potensielle krysningane mellom sjølvetnografi og namnforskning:

The field of onomastics and the field of the sociology of names have presented some interesting data and theories regarding personal names and naming practices. However, thus far they have

been operating quite separately, without much cross-pollination between them, and thus opportunities are being missed for sharing knowledge. In addition, until now much of the research and writing has used conventional methodologies and [...] personal, lived experiences and emotional aspects to names and naming practices have been largely absent. (Wheeler 2018a:8–9)

I ein tredje artikkel (Wheeler 2018b) kjem ho med viktige nyansar i debatten om namn, etnisk identitet, privilegium og minoritetsspråkbakgrunn i Wales.

Namn er eit svært personleg fenomen, og ei sjølvbetnografisk tilnærming kan gjennom bruk av ein akta metode der kjenslemessige og meir subjektive aspekt står i fokus, hjelpe til med å utforske nettopp dei personlege sidene ved namn, namngjeving og identitet. Blant alle metodar er det kanskje sjølvbetnografi som er best eigna til å undersøkje kjenslene til forskaren sjølv (Copp 2008). Dette er ein metode som kan komme djupare enn djupneintervju og andre etnografiske metodar nettopp fordi forskaren prøver å få tilgang til sine eigne inste tankar og kjensler på ein måte som ingen andre kan. Eg kan oppdage og dele sider av namn og identitet som berre eg veit om, og alle forskarar kan gjere det same. Dette vil ikkje seie at det eksterne eller objektive synet ikkje er nyttig. Andre kan sjølvsagt oppdage løynde sider om namn og identitet (også når det gjeld meg) som eg ikkje kan vite eller ikkje har visst om. Sjølvbetnografi er ein open metode som treng at forskaren opnar seg. Ved å kombinere forskjellige versjonar at (sjølv)etnografi kan vi utvikle eit meir mangfaldig forskingsfelt (Gariglio 2018).

Ein annan sjølvbetnografikar som har skrive om namn, er Liz Bondi (2014), som greier ut om korleis familiar kan bere på løyndommar. Ho fortel om far sin, som var fødd i Austerrike. Han hadde alltid sagt at han berre hadde eitt førenamn, men så oppdagar ho som niåring at han hadde to førenamn. Ho reflekterer over dei moglege grunnane bak denne løyndomen. Ho skriv:

Some light might be shed on the matter of my father's Hebrew name by examining legal papers including his birth certificate, his naturalisation papers, my parents' marriage certificate and

Austrian-Jewish records from the period. However my purpose in this essay lies less with the «historical truth» of his name and more with the «narrative truth» of my experience of something secret by which I was bound. (Bondi 2014:45)

Når eg snart skal dele mine eigne sjølvetnografiske refleksjonar, er eg interessert nettopp i både den kjenslemessige og narrative historia som ligg bak utforminga av identitetspapir til eit enkeltindivid, og som altså dannar ei historisk sanning.

Det er få namnegranskurar som har brukt sjølvetnografi på ein eksplisitt måte, men det er fleire som har vore litt innom sjangeren utan å bruke sjølve ordet. To flotte eksempel er ein artikkel av W. F. H. (Bill) Nicolaisen (1999), der han reflekterte over korleis han opplevde alle dei forskjellige namna som folk hadde brukt for å tiltale han, og eit kapittel av Botolv Helleland (2012), der han reflekterer over stadnamn frå barndomslandskapet sett frå eit identitetsperspektiv.

Dessutan er det sjølvsagt mange som har studert namn og identitet med etnografiske metodar som ikkje er sjølvetnografiske, eller som har gjort det frå eit antropologisk perspektiv. Johanna Isosävi og Hanna Lappalainen (2015) dreiv med ein særleg interessant tverskulturell etnografisk studie om det affektive ved uformell bruk av førenamn av baristaar hos ein amerikanskeid kafékjede i Finland og Frankrike, og Nicole Constable (2022) deler alarmerande forteljingar om problem skapa av motseiande passopplysingar, inkludert namn, for indonesiske statsborgarar i Hongkong. Eit anna godt eksempel er Ellen Bramwell (2011), som studerte bruk av personnamn i fem forskjellige språklege og sosiale kontekstar i Skottland. Forskinga hennar er også nyttig i korleis ho vurderer den etiske dimensjonen. I etnografi er det vanleg å bruke pseudonym når ein omtaler informantar, men det vert vanskeleg når det nettopp er namn som skal stå i fokus. Når ho siterer informantar som bruker namn, vel ho likevel å bruke pseudonym, spesielt når det er noko som kan identifisere informantane. Elles bruker ho namn som generelle eksempel, men fråkopla identifiserande detaljar.

Slike etiske spørsmål er viktige for sosioonomastiske forskarar (Ainiala et al. 2023). Emilia Aldrin vurderte grundig dei etiske dimen-

sjonane da ho undersøkte namneval blant foreldre i Göteborg, og ho valde for eksempel å utelate veldig uvanlege førenamn:

Detta innebär att en del intressanta namnförekomster utelämnas, vilket kan förefalla olyckligt i en avhandling som handlar om just namn, men jag menar att detta är nödvändigt för att kunna skydda deltagarnas identitet på det sätt som jag lovat. (Aldrin 2011:66)

Da Line Førre Grønstad granska etternamnsval og -endring blant norske menn i heterofile parforhold, fekk ho løyve til å bruke namna til nokre av meddelarane i studien. Meddelarane kunne sjølv velje dersom dei ville framstå med namnet sitt eller ikkje etter at dei hadde fått lese dei aktuelle sitata. Som Grønstad forklarer, kan det også vere problematisk med anonymisering eller evidentifisering ettersom anonymiserte tolkingar kan «skjule nyanseringar og skilnader, eller bli forstått som gjeldande for andre enkelpersonar innanfor same kategori», eller dersom «forskaren tolkar noko meir eller noko anna inn i materialet enn det ho ville gjort om ho måtte stå meir tydeleg til ansvar overfor opphavspersonane» (Grønstad 2020:66). I ein studie om namneval blant foreldre med innvandrarbakgrunn i Sverige fekk Elaine Sjödin (2021) samtykke frå alle deltakarane til å bruke namnet til barna deira.

Sjølvetnografi gir ein eventuell utveg frå paradoks om anonymitet som ofte er uunngåelege i personnamnstudiar. Dersom forskaren drøfter sider ved sitt eige namn, kan hen til ein viss grad velje kva hen vil avsløre om sin eigen person, og forfattarnamnet er som oftast berrsynleg unntatt når stoffet skal vere anonymt under fagfellevurderingsprosessen. Samtidig må forskaren vere ærleg for at stoffet skal ha verdi. Dette understrekar kor stort ansvaret kan vere når ein skriv ein slik tekst (Adams 2017).

## 5. Vidare refleksjon om metode og etikk

Om eg skal gjere greie for kva slags sjølvetnografiske undersjangrar denne artikkelen høyrer til, vil eg – ut ifrå innhaldet og det at eg

skriv frå eit onomastisk perspektiv – seie at det først og fremst er ein namneorientert sjølvetnografi. Når det gjeld stil eller form, vert dette ei blanding av det analytiske (Anderson 2006), det fenomenologiske (Aguirre & Duncan 2013), det kritiske (Reed-Danahay 2017) og det kritiske realistiske (Stevens 2021; Almassri 2023). Denne studien ligg nok fjernare frå den meir kunstnariske enden av spekteret som sjølvetnografien utgjer, men det finst likevel nokre trekk frå den impresjonistiske etnografien som Ellis (2004:359–363) kartlegg.

Eg har drive med systematisk sosiologisk introspeksjon med grunnlag i eit datamateriale som spenner over heile livet mitt. Dette er mest eigne minne som eg har reflektert grundig over. Eg har dessutan sjekka visse detaljar med andre som var til stades på forskjellige tidspunkt. Refleksjonane har til ein viss grad vore med meg nesten så langt tilbake som eg hugsar, men etter kvart som åra har gått, håpar eg at eg har utvikla større evner til å forstå det affektive i livet enn før, altså emosjonell literacy. Gjennom terapi gjekk det også opp for meg kor viktig namneendringa eigentleg hadde vore i livet mitt. Den sjølvetnografiske metoden hjelper no med å analysere dette og forstå kva det har å seie for dei vidare kulturelle og sosiale samanhengane eg har levd i. Med *emotional recall* vil eg seie at det gjekk som Luigi Gariglio skildrar denne prosessen: «[...] I triggered new emotions as well as recollected older ones still in my memory (even though discerning between the two is not easy, if at all possible) about aspects of my experience which had not been in focus before» (Gariglio 2018:211). Å hente fram kjensler og røynsler frå minnet ligg i kjernen av sjølvetnografi som metode, og sjølvetnografikarar bør ikkje undervurdere kor viktig eller innfløkt dette er (Bochner 2017:73). Sjølvetnografien ville dessutan sikkert ha sett annleis ut dersom eg skulle skrive han på eit anna språk, og det er nok stoff til fleire ytterlegare sjølvetnografiske artiklar om kvifor eg skriv dette på nynorsk, men det er ei anna historie.

Eg skal referere til identitetspapir frå livsløpet mitt som utgjer konkrete gjenstandar og viser forskjellige versjonar av namnet mitt. Dimed kan dei framstå som positivistisk datamateriale, og dei vert ankerfeste for analyse av namn og identitet i livsfasane som dokument

menta speglar. Dei djupare sjølvetnografiske refleksjonane om kva som ligg mellom linene i dokumenta, vil fortelje ei narrativ og kjensle-messig sanning som elles ligg skjult. Desse identitetspapira vert da også bakgrunn for sjølvetnografiske vignettar.<sup>5</sup> I staden for å la vignettane stå for seg, har eg valt å flette dei inn med analysen, og dette har eg gjort mest for å vise tydlegare kor tett forteljinga i vignettane heng saman med analysen og gjere analysen lettare tilgjengeleg.

Sjølvetnografiar må også reflektere over etiske spørsmål. Alle samfunnsforskarar bør naturlegvis ta omsyn til å verne privatlivet til andre menneske, men sjølvetnografikarar må dessutan ta spesielt ansvar for sin eigen identitet og integritet. Forskarar kan på ein måte gi seg sjølv samtykke til å stå fram med sitt eige namn, men det er likevel viktig å vurdere risiko for skade og urimeleg belasting: «Old trauma or unbearable experiences might re-emerge in different and unpredictable forms» (Gariglio 2018:212). Sjølvetnografikarar har ofte fleire roller i forskinga, og den sjølvetnografiske metoden er særstakken oppteken av forholdet mellom individet, samfunnet og andre miljø. Dette kjem tett inn på viktige delar av forskingsetiske retningslinjer:

Gjennom intervjuer, kildestudier og observasjon kan forskere få informasjon om langt fleire mennesker enn de som står i sentrum for studien. I noen tilfeller, for eksempel når forskere observerer små grupper og miljøer, kan det være vanskelig å utelukke mennesker som ikkje har gitt samtykke [...]. (NESH 2021)

Dette gjeld i mange sjølvetnografiske studiar der forskaren er ein del av små grupper som ein familie, så dette er noko forskarar må ta omsyn til. I dei sjølvetnografiske refleksjonane i denne artikkelen er det mitt namn det er mest fokus på. Andre personar har sjølvsagt bidrige til å lage historia bak namnet, ikkje minst familien min. Foreldra mine kan identifiserast til ein viss grad i det eg skriv, men det kan dei også ved å sjå på fødselsattesten min, som er ganske lett tilgjengeleg frå folkeregisteret. Eg skal også nemne ein venn, men berre ved føre-

<sup>5</sup> Pitard (2019) foreslår ein framifrå teknikk for ein meir strukturert analyse av vignettar enn eg har plass til i denne studien, men som kan vere nyttig i framtidige onomastiske sjølvetnografiar.

namnet. Eg skal nemne fleire avdøde personar ved dei ekte namna deira.

Før eg byrjar med desse sjølvetnografiske perspektiva, vil eg gjerne understreke at eg berre kan stå for min del av denne etnografiene, og eg godtek at andre menneske har viktige roller i det eg skal fortelje. Det er også viktig med den sjølvetnografiske metoden at eg ikkje vil hevde at den følgjande analysen er den einaste moglege sanninga, men det skal vere sant for min del. Dessutan vil eg vere medvitn om privilegia mine og vedkjenne meg det problematiske ved dei. Eg vil fortelje om spesifikke røynsler eg har hatt med namn og grenser. Det er etter måten lett for meg å krysse grenser. Eg er ein kvit mann med britisk og italiensk statsborgarskap. Eg treng ikkje visum eller opphaldsløyve for å bu der er bur, og eg måtte ikkje søkje den såkalla busetjingsordninga for EU- og EØS-borgarar som no krevst av den britiske regjeringa. Samstundes er eg framleis EU-borgar og har dimed større internasjonale fridommar enn dei som berre har borgarskap i staten der eg var fødd.

Eg skal også fortelje om vanskar som har med namneendring og naturalisering å gjere, men det er andre personar som har mykje større vanskar med dette. Eg skal berre fokusere på visse eksempel frå Europa som viser denne problematikken, men sjølv sagt er det mange andre perspektiv som ein bør sjå på i andre delar av verda. Ein del av føremålet for denne studien er nettopp å vise kva slags problem som kan dukke opp til og med mellom land som har ganske sterke kulturelle likskapar og der situasjonen ikkje var spent. Til og med i slike tilfelle kan problema verte store på eit personleg plan, noko som klart viser at problema aukar når det er større avstand mellom språk, namnetradisjonar og byråkratiske kulturar i dei forskjellige landa. Det er også slik at om eg skal følgje ein sjølvetnografisk metode, må eg finne eit grunnlag i mine eigne røynsler, og det er dimed den europeiske dimensjonen som kjem fram.

## 6. Analyse


### 6.1 Forholdet med det (første) første førenamnet mitt

I 2016 søkte eg italiensk statsborgarskap på grunnlag av at kona mi er italiensk. Eg fekk levert søknaden to dagar etter at eg vart kvalifisert til å søkje, altså etter tre år i ekteskap. Eg gjorde dette mest av kjenslemessige og sosiale prinsipp. Eg syntest det var viktig å ha eit statsborgarskap til felles, og om vi skulle få barn, som vi no har fått, var det bra om heile familien skulle ha dette til felles. Dessutan har eg budd og arbeidd i Italia, forska på italiensk språkpolitikk, og vi snakkar italiensk både heime, med venner og familie. Sjølv sagt var også den europeiske identiteten ein viktig faktor. Da var britiske statsborgarar også EU-borgarar, men det er dei ikkje lenger no. Men eg vil ha søkt same kva resultatet av folkerøystinga om EU hadde vorte.

Handsaminga av søknaden tok lang tid. Det gjekk faktisk 1104 dagar frå eg søkte til eg fekk avleggje eid og verte statsborgar. Undervegs vart det stilt spørsmålsteikn fleire gongar ved det første førenamnet mitt. Problemet var at det offisielle namnet mitt i dag ikkje er det same som det eg hadde i dei første åra etter at eg var fødd.

No må eg dekonstruere litt forholdet eg har til det første førenamnet mitt, og vi tek den sjølvetnografiske tidsmaskina tilbake til 1984. Det var kald krig men varm sommar i det sør-engelske fylket Oxfordshire. Tre veker etter at eg vart fødd, var far min innom folke-registerkontoret i byen Wantage for å informere myndighetene om at eg fanst, sjølv om statens helsesystem allereie hadde møtt meg på sjukehuset. Som ein del av registreringsprosedyren vart den første versjonen av det offisielle namnet mitt skrive i registeret av vise-registratoren i distriktet (sjå figur 1). Alt dette skjedde i samsvar med Births and Deaths Registration Act frå 1953, som framleis er den gjeleine lova i England og Wales.

Namnet til det barnet er det same som framleis står i registeret, men det er ikkje det same offisielle namnet som det vaksne mennesket har i dag. Namnet som står i registeret er *James Edward Michael Puzey*. Kjært barn har mange namn, men namnet *Guy* vart ikkje skrive der i 1984, og det ville gå ein del år før nokon kalla meg det.



Figur 1: Utdrag frå fødselsregisteret i Wantage, 1984. Crown copyright.

Det er ganske vanleg med fleire førenamn i engelskspråkleg namngjevingstradisjon, og dei aller fleste i dag får to førenamn, men tre førenamn er litt sjeldnare. Myndighetene i England og Wales gir ikkje ut omfattande statistikk om andre og tredje førenamn (eller fjerde og femte), men i Skottland finst det. Blant barn fødde i Skottland i 2022, var det 22% av gutter og 17% av jenter som fekk tre eller fleire førenamn (National Records of Scotland 2023). Før var det faktisk færre som fekk tre eller fleire førenamn: I 1975 var det 6% av gutter og 3% av jenter (Jackson & Donnelly 2001). Så det er noko som er vorte meir populært, men det er viktig å presisere at Skottland har forskjellige tradisjonar enn England, der eg var fødd.

Som Emilia Aldrin (2011; 2017) også har vist i svensk kulturell samanheng, inneber namngjeving til ein stor grad sosial posisjoneering. Da eg var fødd i 1984 vil eg seie at tre førenamn var kulturelt nokså konservativt. Namngjeving er ganske tett klassebunden, og dette med fleire namn er noko som kan vise innverknad frå namne-motane til aristokratiet, må eg innrømme. Tradisjonane varierer også mellom familiar, men det er kanskje meir utbreitt i dei siste generasjonane å ha tre førenamn enn det var før. Blant alle anane mine i rett line som eg veit om, er det berre to som hadde fleire enn to førenamn: Ei tippoldemor (*Fanny Sarah Pinnell Hedges*, 1854–1930) og ein tippoldefar (*George William Nathaniel Glover*, 1862–1941). I eitt av desse tilfella var det tredje førenamnet opphavleg eit etternamn (*Pinnell*), og det var altså eit mellomnamn i skandinavisk forstand. Begge to var bønder og var sjølv fødde i det same området som meg.

Veldig ofte bruker foreldre fleire førenamn til å minnast andre familiemedlemmer, og det var tilfellet her. Når det gjeld *James*, har foreldra mine aldri sagt veldig mykje om akkurat kvar det kjem frå, men mor mi har sagt at ho var vennleg innstilt til namnet takka vere *James Muir Galloway Galbraith* (1920–2003), ein god venn av mifar min, som ho hadde stor respekt for. Namnet *James* finst dessutan

mykje i familien til far min, og det gjer mange andre namn som byrjar anten på bokstaven *J*- eller med den same /dʒ/-lyden. Om eg følgjer dei første førenamna i den mannlege lina tilbake så langt som eg kan med sikkerheit, byrjar faktisk alle med den same lyden, med far min som einaste unntak. Før han var det altså *Gerald* (1910–86), *John* (1867–1947), *George* (1829–88), *Joseph* (1797–1854), *James* (1765–1833) og *John* (ca. 1718–94). Også farmor mi heitte *Jean* (1918–84) med pikenamnet *Jefferies*, og brørne hennar heitte *John* (1919–2019), *George* (1921–42) og *James* (1925–30). I tillegg fekk eg også ein gudfar ved namnet *James*.

Dimed er det mykje som tyder på at farssida av familien har hatt stor entusiasme for /dʒ/-lyden, men det skjedde noko forskjellig med meg. Så lenge eg kan hugse, kunne eg aldri identifisere meg med namnet James. Det er vanskeleg å påpeike akkurat kvifor, men det var noko som sat ganske djupt. Eg har reflektert mykje på det, og eg skal dele nokre moglege forklaringar.

## 6.2 Namneinkongruens og verdivilkår

Minsten heitte Åsmund, men namnet vart ikkje nytta. (Vesaas 1934:24)

Faktorane som eg meiner kan ligge bak at eg ikkje følte meg heime i namnet *James*, bidrog til det som den amerikanske psykologen Carl Rogers (1957:96) kalla inkongruens (eng. *incongruence*), som «refers to a discrepancy between the actual experience of the organism and the self picture of the individual insofar as it represents that experience». Dette meiner eg kan vere eit interessant omgrep for å forstå namneendring som fenomen. Inkongruens fører ifølgje Rogers til mykje angst sjølv om individet ikkje er heilt merksam på kva det er som er inkongruent. Han skriv at «[t]he degree of *anxiety* is dependent upon the extent of the *self-structure* which is threatened» (Rogers 1959:229, original framheving). Førenamnet til eit individ er jo ein ganske viktig symbol på sjølvet, som gir grunn til å tenke at namneinkongruens kan vere årsak til stor angst.

Den første delen av inkongruensen som eg trur eg opplevde, var ein slags angst og eit mindreverdskompleks som eg assosierte med sjølve namnet. Eg var attpåklatt, med to eldre halvsøsken på mors-sida og to på farssida. Eg var dimed den yngste av fem barn og den yngste av ti barnebarn. Eg byrja på skulen som fireåring, og der vart det ganske fort tydeleg at makthøva mellom fireåringar og barna som var litt eldre kunne by på nokre utfordringar, som førte til at eg måtte byte skule etter nokre dagar. Dei første åra brukte familien mest det hypokoristiske kjælenamnet *Jamie* for å omtale meg, og det likte eg enda därlegare enn *James*. Sjølv om dei brukte det av kjærleik, hugsar eg veldig godt kjensla eg hadde av at det var eit useriøst namn. Eg ville at andre tok meg meir på alvor, som mange andre yngstebarn, vil eg tru, og eg følte ein sterkt trøng for eit namn med meir tyngde. Denne faktoren handlar dimed om eksterne psykologiske omstende som vart ganske tett forbundne med namnet, ikkje minst på grunn av funksjonane til den hypokoristiske forma. Dette kunne ha skjedd med mange forskjellige namn, ikkje berre *James* og *Jamie*, men det var namnet det gjaldt i mitt liv. Som sagt har eg også to andre førenamn, men dei vart aldri brukt i tiltale, så dei var nokså uproblematiske, og eg trur at inkongruensen eg følte med namnet *James* var så sterk at eg fokuserte mest på å erstatte det.

Figur 2 viser eit avisbilete frå skulen i 1989. Da var eg fem år gammal, og vi måtte kle oss ut som om det var 1909, da skulen hadde opna. Han som heitte *James* eller *Jamie* ville tydelegvis vise kvar han var på biletet, men eg veit ikkje kvifor han også skreiv «yes». Det er kanskje interessant at eg ikkje skreiv namnet mitt, men berre «me». Aviskippet ligg i ei mappe der far min hadde skrive «*Jamie*», men eg strauk det ut og skreiv «= *James and Ada*». *Ada* er namnet på den trufaste vesle elefanten eg held i høgre handa.



Figur 2: Avisutkliipp frå *Buckingham & Winslow Advertiser*, 20. oktober 1989, s. 18. Foto: Jake McNulty. Brukt med løyve frå SWNS Ltd.

Ein annan faktor som eg ikkje kan utelukke, er om det kan vere noko meir spesielt problematisk med namnet *James*. Når eg tenkjer på at dette namnet vart brukt for å omtale meg, opplever eg ein slags snever misofoni: Berre å høyre namnet eller å tenkje på den lyden får meg til å føle ubehag. Eg tviler likevel på at det kan vere sjølve lyden, for eg har ingen problem med å høyre eller bruke namnet når det vert brukt for å omtale andre personar. Når eg hører namnet i tilknyting til andre personar, har eg vanlegvis gode assosiasjonar til namnet, det vere seg gode venner, dyktige studentar, eller kollegaer som eg har stor respekt for. Det er berre som om det namnet og den lyden aldri var i samsvar med min identitet. Det passa rett og slett därleg.

Bruken av dette spesifikke namnet i det vidare samfunnet kan potensielt ha påverka reaksjonane mine også. *James* stod for eksempel på andre plass i den engelske og walisiske namnetoppen i 1984, like bak *Christopher* (Office for National Statistics 2014). Eg kan ikkje utelukke heilt at denne utbreidde bruken av namnet fekk meg til å føle at det hadde noko uoriginalt ved seg eller at eg kunne forvekslast med andre ved same namn. Men samtidig har eg ingen problem med

å skilje mellom dei mange ved namnet *James* som eg kjenner i dag, så eg tviler på denne forklaringa.

Den tredje faktoren handlar om det eg vil beskrive med omgrepene verdivilkår (eng. *conditions of worth*).<sup>6</sup> Carl Rogers (1959:224) skriv at «[w]hen a *self-experience* is avoided (or sought) solely because it is less (or more) worthy of *self-regard*, the individual is said to have acquired a *condition of worth*» (original framheving). Det vil seie at ein person, og spesielt eit barn, får inntrykk av kva andre meiner skal vere verdifulle mål, kva ein skal setje høgt, og kva som kan hauste ros. I slike tilfelle «meiner Rogers at noko ekte i barnet er knust, og det ser på sitt eige eg med auga til dei andre» (Tamm [1987] 1990:85). Brain Thorne og Pete Sanders (2013:31) forklarer dette slik:

We have worth in our own eyes only on condition that we think, feel and behave in ways that others have told us are worthy of love and respect. For many people this whole sad process leads to an introjection of values which [...] bear little or no relationship to the needs of the human organism for actualization. [...] The constant introjection of alien values has resulted in the internalization of conditions of worth, which makes authentic living well-nigh impossible.

Det er påfallande i orda til Thorne og Sanders at eit namneval kan framstå som eit ganske tydeleg uttrykk for verdiane som foreldre vil at eit barn skal representera eller oppfylle. I den sosiale posisjoneeringa som namngjeving inneber (Aldrin 2011; 2017), ser vi at desse verdiane kjem til uttrykk. Kanskje er dette også eit aspekt av namnekapital, eller «onomastic capital» (Puzey et al. 2021), nemleg ei personleg, moralsk, psykologisk og samfunnsmessig side av namnekapitalen. Dimed er det ein sterk samanheng mellom namn og verdivilkår. Det er jo helt forståeleg og stammar også frå omtanke hos foreldre og kva slags ambisjonar dei har for barnet. Forventingar om kven barnet er og skal vere, er ofte ein viktig faktor når foreldre skal velje namn

<sup>6</sup> På bokmål finst det omsetjingar av dette uttrykket som «verdioppfatninger», «verdibetingelser» eller «anerkjennelsesvilkår» (Torkelsen 1983:435; Joram 2008:43; Grimsaard 2009:39). Paul Moxnes (1971:183) omtaler omgrepene som «de verdier som er blitt introjisert i klienten av andre».

(Hagström 2006:101). Sjølv om det ikkje nødvendigvis er foreldra si skuld, kan det likevel vere problematisk dersom barnet opplever desse verdiane som føresetnader eller vilkår.<sup>7</sup>

I kjælenamnet *Jamie* såg eg kanskje uttrykk av eit verdivilkår om å vere den yngste. For meg innebar dette å vere ein som andre menneske ikkje skulle ta på alvor like mykje som dei som var eldre, å vere ein som hadde gått glipp av alt som skjedde før eg var fødd, og å vere ein som ofte følte seg uteslengd av visse situasjonar. Sjølv om eg var ganske liten, trur eg at eg byrja å assosiere namnet *James* eller *Jamie* med ein enda yngre versjon av meg sjølv. Dessutan trur eg at eg kan ha assosiert namnet med ei underforstått forventing om at eg skulle verte ein del av den verda som far min stod for. Han var da bonde, og han var for eksempel ein veldig ivrig fasanjeger. Eg set stor pris på at eg fekk vekse opp på landet og at eg er kjend med jordbruksrøynda, men sjølv om det første ordet eg sa som barn, var «tractor», hadde eg etter kvart ikkje spesielle ambisjonar om å køyre traktoren sjølv seinare i livet. Eg trur ikkje at det faktisk var noko slik forventing i familien, men det var kanskje noko som eg innsåg at andre utanfor familien kunne tenkje seg.

Mor mi kom frå ein familie med delvis militær bakgrunn, og far hennar vart drepen i Korea-krigen da ho var tre år gammal. Da eg etter kvart skjønte det traumaet som hadde skjedd da ho var barn, og kva det innebar for henne, såg eg at det var andre «conditions of worth» som ho sjølv hadde fått introjisert, eller innprenta, og som ho førte vidare. Jo meir eg fann ut om den bakrunnen, desto mindre press følte eg frå jordbruksføresetnadene. Til slutt vart eg fengsla av tanken om ein karriere i forsvaret, og no ser eg at dette tydelegvis var i samsvar med introjiserte verdiar frå morssida av familien. Det var spesielt luftforsvaret som tiltrekte meg. Tanken om å fly og om å vere pilot representerte for meg i tillegg eskapisme og livet på eit slags høgare plan, med betre utsikt, fri og dynamisk rørsle, men også ein kontakt med resten av verda der ute. Der var det faktisk noko som var

<sup>7</sup> Sjølv om fokuset her er på endring av førenamn, er det også interessant å tenkje på endring av etternamn eller slektsnamn og kva det kan ha å seie om verdiar og namnekapital (sjå Leibring 2016; Grønstad 2020).

kongruent med dei seinare livsopplevingane mine, men det var også her det nyare namnet mitt kjem frå.

### 6.3 Namnet eg valde

Som cirka niåring vart eg trollbunden av historia om dei allierte flymannskapa som utførte eit risikofylt angrep mot demningar i det tyske Ruhr-området i mai 1943. Leiaren for denne operasjonen heitte Wing Commander Guy Penrose Gibson (1918–44). Graden hans tilsvarer ein norsk oberstløytnant. Eg slukte nærmast opp all informasjonen eg fann om han. Filmatiseringa av denne operasjonen – med Richard Todd i rolla som Guy Gibson – vart den største kinosuksessen i Storbritannia for 1955 og er framleis veldig kjend (*The Dam Busters*, regissert av Michael Anderson). Filmen er viktig for korleis operasjonen vert vurdert kulturelt og også for korleis eg valde namnet *Guy*.

Historikaren Peter Hennessy (1992:29) problematiserer denne filmen og andre slike filmar:

We spent the fifties in cinemas absorbing an endless diet of war films in which Richard Todd and Kenneth More convinced us that there was a singular mixture of insouciance, bravery and flair that we could bring to the conduct of international affairs.

Peter Hennessy var fødd i 1947, det same året som mor mi. Det han skildrar er på ein måte nasjonale verdivilkår som mange i den generasjonen absorberte, eller om vi skal bruke terminologien til Carl Rogers, som mange fekk introjisert.

Eg såg filmen og las bøker om denne operasjonen rundt 50-årsjubileet i 1993, og Guy Gibson vart ein barndomshelt for meg. Slik som han framstod for meg da, var han eit tydeleg førebilete for mot og klarleik, og som pilot representerte han utsikter til eit etter måten fritt og dynamisk liv (sjå figur 3). No ser eg at namnevalet *Guy* også oppfylte innprenta verdisett eller verdivilkår frå generasjonen til foreldra mine, men eg valde dette namnet sjølv. Det var ei handling som laga avstand frå *James*, som aldri kjendest riktig, og det var ei handling

med sjølvaktualiserande kraft. Det gjorde det lettare for meg å finne min eigen veg og verte min eigen person.

Dimed har eg skildra moglege pushfaktorar og pullfaktorar i namnevalet. Mykje seinare i livet forstod eg at Guy Gibson var ein problematisk og kontroversiell figur med nokre meininger som eg gjerne vil ta avstand frå. Historikaren Martin Francis (2008:179) skriv:

Even Churchill, hardly a shrinking violet, feared that Gibson might appear too bloodthirsty. Gibson, an animal-lover, appeared genuinely distressed at the thought that thousands of farm animals or household pets might have been drowned after the dams raid, but expressed no remorse for the deaths of civilians caused by the Allied bombing offensive.

Med tanke på namn er han dessutan veldig kjend for det rasistiske namnet til hunden sin, som eg ikkje skal nemne her, og som no ofte vert sensurert når filmen vert sendt på fjernsyn. Han var sjølvsagt eit produkt av det imperialistiske og klassedelte samfunnet han levde i. Han deltok i vanskelege og farlege situasjonar, og han var ung. Han var berre 26 år da han vart drepen i strid 19. september 1944.

Men da eg forstod dette, var eg også uavhengig av den personen som eg oppkalla meg etter. Etter kvart vart det også tydeleg at eg ikkje kunne verve meg til militærteneste fordi synet mitt var altfor därleg. Det er eg også takksam for ettersom eg er ganske sikker på at det kunne ha ført til meir indre usemje. Takka vere brillene mine vart eg dimed interessert i språk, og det var dette som førte til at eg skriv dette no, og til at eg kan skrive på norsk. Men det var også dette som skulle føre til eit spesielt viktig møte mellom namnet og statsgrenser, noko eg vil komme tilbake til.



Figur 3: Guy Gibson, 22. juli 1943. Foto: offentleg eigedom.

#### 6.4 Grenselandet mellom det gamle og det nye namnet

Eg byrja å bruke namnet *Guy* aktivt da eg var ni eller ti år, men ikkje alle andre personar visste om det nye namnet, eller hugsa det, og nokre var nok motvillige til å bruke det. Det var i det same året eg fekk det første passet mitt, og det var framleis med namnet *James*. Eg kan hugse da eg som niåring måtte skrive under på det passet og spurde mor mi om kva eg skulle gjere. Underskrifter har stor administrativ kraft i Storbritannia, og eg følte at eg måtte komme på noko som ikkje kunne forfalskast og som ville verte uendra over tid, samtidig som eg var ganske overtydd om at dette ikkje skulle fortsetje å vere namnet mitt særleg lenge framover. Albert Baiburin (2021:168) påpeiker at:

The personal signature can be understood as an affirmation of identity, in its own way a transfer of oneself into the graphic repre-

sention of one's name. A peculiar space of transformations is formed, which becomes a triangle: I – my name – my signature. In signing their name, a person somehow completes a dual transfer of themselves: into their name and into a graphic expression of the name.

Dimed skreiv eg litt halvhjarta «James Puzey» med ei slags løkke under bokstaven «y». Etter at det passet hadde gått ut, var eg så frustrert av å sjå det gamle namnet og det gamle (eller unge) andletet at eg brukte saks til å rive ut biletet.

Ein dag i 1994 vitja vi Violet, som var tanta til far min. Vi gjekk ein tur med henne og med ektemannen Hubert. Eg hugsar ikkje akkurat kvar, men det var ein stad med store trær nær landsbyen der grandtanta mi budde, og der ho var fødd, Stanford in the Vale. Der var også farfar min fødd, berre eit par kilometer frå grenda Pusey (med -s-) der etternamnet vårt stammer frå. Violet var ein engasjert og ivrig lokalhistorikar og slektsgranskjar. Det var noko ho hadde byrja med i ein tung periode på 1950-talet etter at son hennar døydde. Ho skreiv til slutt minst 18 bind med lokalhistorie (t.d. Howse 1972). Innsatsen hennar gjorde eit djupt inntrykk på meg, og vi hadde ei felles interesse for historie og bøker. På slutten av turen skulle vi dra heim, og da eg sette meg i bilen, sa Violet «Goodbye, Guy». Ho var da 87 år gammal, og det var siste gong eg såg henne, for ho døydde kort tid etter det besøket. Den gode, rause familiekronikøren Violet, som i si tid hadde transkribert gamle kyrkjebøker og samla på mange namn, hadde godkjent det nye namnet mitt. Med dette samtykket følte eg overveldande takksemd, godhug og aksept.

## 6.5 Over grensa med eit nytt namn

No hadde eg kryssa ei grense mellom namn: *Guy* hadde vorte namnet mitt i familien. No skulle dette namnet snart møte landegrenser, for i 1995 flytta vi frå Sør-England til Nord-Skottland. Med dette kryssa eg også grensa til å bruke berre namnet *Guy* heile tida, også på skulen. Ingen der kjende meg som *James*, så folk hadde ingen problem med å venne seg til det nye namnet mitt. I tillegg fekk eg ein ny bestevenn

kort tid etter at vi flytta til Skottland. Pussig nok heiter han *James*, så vi slapp mykje forvirring takka vere namneendringa. Av og til skjedde det at eg spissa øyra om nokon ropa «*James*», men det gjekk ikkje lang tid før eg ikkje reagerte lenger på det.

Strengt tatt er dette alt som trengst for å få endre eit juridisk namn i England eller Skottland, nemleg at ein bruker det namnet. Slik er det i alle fall tradisjonelt sett. Dette er jo i samsvar med *common law*, sedvaneretten som gjeld i mange engelskspråklege land, ikkje minst England. Skottland har sitt eige sjølvstendige rettssystem som byggar mest på ei blanding av *common law* og *civil law* (sedvanerett og sivilrett) med andre historiske og internasjonale tradisjonar (Thomson 2014), men dette ganske liberale prinsippet om namn er stort sett felles.<sup>8</sup>

Det er mange eksempel frå rettspraksis som viser dette. Eit ganske tydeleg uttrykk for situasjonen i England finn vi i ein ankedom frå den gongs høgsterett i overhuset House of Lords i 1901. Da sa dommaren Lord Lindley:

Speaking generally, the law of this country allows any person to assume and use any name, provided its use is not calculated to deceive and to inflict pecuniary loss. (*Cowley v Cowley* 1901)

Dette prinsippet går langt tilbake. Det finst for eksempel også ein dom frå Court of Common Pleas i 1335. Her var det ei kvinne som fekk *Anable* som døypenamn og seinare endra namn til *Douce* da ho vart konfirmert. Dommen frå overdommar Herle lydde (på anglo-normanisk):

Homme poet a divers temps aver divers nosmes mes nemy par baptisme: car poet estre qe son nosme de baptisme fuit Anable, et qe ele fuit de xl. ans avant ceo qe ele fuit confirme, et adonque son nosme change et ele adonque nosme Douce, etc.

[A man can at different times have different names but none by baptism: for it could be that her baptismal name was Anable, and

<sup>8</sup> Vel å merke at den britiske staten «has [...] tended to rely on dispersed, rather than centralized information systems for identification» (Higgs 2011:151).

that she was for 40 years before she was confirmed, and then her name changed and then she was named Douce, etc.] (Richard v William 1335)

Det er dimed lov å endre namn.


I Skottland finst det eksempel som desse dommane frå 1800-talet:

There is no need of the authority of this Court to enable a man in Scotland to change his name. (Lord President Hope, sitert i Young 1835)

Mr Robertson has a perfect right to change his name, and no one can prevent him adding to or altering it. [... T]here is nothing to prevent a private individual from changing his name. (Lord Adam, sitert i Robertson 1899)

I nokre tilfelle er det ingenting meir som trengst. Skulen og helse-systemet brukte det nye namnet mitt. Da eg nærma meg 16 år og fekk tildelt eit folketrygdnummer, som eg ikkje eingong hadde bede om, kom det på eit plastkort der det einaste førenamnet var «Guy» (sjå figur 4). Tildeling av folketrygdnummer er knytt til «Child Reference Number» frå barnetrygdordninga, så mor mi hadde nok allereie opplyst om det nye namnet til instansen som da heitte Department of Social Security. Men dersom ein treng skriftleg bevis på at eit namn er endra, treng ein eit dokument. Det vanlegaste dokumentet i slike tilfelle heiter *change of name deed* eller *deed poll*. Dette er ei einsidig erklæring der ein person stadfestar ein situasjon med eit vitne til stades, og både vedkommande og vitnet skriv under. Vitnet kan vere kven som helst. Dette er eit dokument som ein gjerne kan førebu sjølv ved å bruke dei riktige orda, men mange får hjelp av advokatfirma eller spesielle kommersielle føretak til å formulere eit slikt dokument.<sup>9</sup>

<sup>9</sup> Deed Poll Office er eit av firmaa som tilbyr slike tenester på nett, og nettsidene til dette firmaet inneheld også mange nyttige opplysingar om rettssaker om namnedring gjennom historia, inkludert dei siterte eksempla frå England og Skottland.



Figur 4: National Insurance Numbercard frå 2000, der det står «This is not proof of identity». I likskap med til dømes ein fødselsattest har kortet ikkje noko bilete, så det kan ikkje bevise kven beraren er.

Det er også mogleg å bruke eit slikt dokument for å endre namnet til eit barn, men det trengst vanlegvis skriftleg samtykke frå foreldra, eller i det minste bevis på at dette vert gjort i samråd med foreldra. Problemet eg hadde da, var at foreldra mine var skilt. Eg budde i Skottland med mor mi, men far min budde i England. Eg trur ikkje at nokon av dei hadde noko imot namneendringa da, men det var upraktisk og komplisert å få dei til å skrive under på eitt dokument. I tillegg var det litt forskjellige krav mellom England (der eg var fødd) og Skottland (der eg budde), så eg venta inntil eg fylte 18 år og kunne gjøre det på eiga hand.

Medan eg venta, måtte eg få eit nytt pass med namnet *James*. Underskrifta i dette passet er faktisk forskjellig frå det første. Eg skreiv ikkje heile namnet *James*, men berre bokstaven «J» med eit passivt-aggressivt punktum, og det er ingen løkke under den siste bokstaven «y». Når eg ser på det, veit eg at eg skreiv det namnet under tvang.

I 2002 fylte eg 18 år, og eg flytta til Edinburgh som student. Straks etter den første juleferien laga eg mitt eige *change of name deed* og fekk hjelp av ei venninne med skrivars til å skrive det ut. Så bad eg styraren på studentheimen om å skrive under som vitne. I dokumentet måtte eg erklære blant anna:

I [...] DO HEREBY ABSOLUTELY RENOUNCE AND ABANDON the use of my former name James Edward Michael Puzey [... and] I HEREBY DECLARE that I shall at all times hereafter in all records, deeds and instruments in writing and in all actions and proceedings and upon all occasions whatsoever use the name GUY EDWARD MICHAEL PUZEY.

Med dette dokumentet kunne eg dimed kvitte meg med nesten alle resterande spor av det gamle namnet. Eg følte at eg kunne vere meg sjølv.

Det første passet mitt med det riktige namnet vart utført berre tre dagar seinare, og underskrifta mi der er eigentleg den same som no. Eg var endeleg tilfreds med den onomastiske identiteten min.

## 6.6 Nytt namn, nytt språk, og ekteskap

Da eg seinare budde og arbeidde i Italia som EU-borgar, var det ingen problem med namnet mitt med unntak av at italienske myndigheter insisterte på å bruke alle tre førenamn i alle dokument, noko som var greitt. Namnet mitt følgjer ikkje vanleg italiensk skrivemåte eller uttale, men eg har alltid vore vand til å måtte stave det uvanlege etternamnet mitt for andre, så det var ikkje noko veldig nytt. Eg fekk ein italiensk skattekode som var forankra i det nye namnet mitt, og førarkort også.

Kona og eg gifta oss i Skottland i 2013. Ettersom ho er italiensk og sveitsisk statsborgar, måtte vi registrere dette med både italienske og sveitsiske myndigheter. Det gjekk fint på Det italienske generalkonsulatet i Edinburgh. Da vi sa kva vi måtte registrere, sa funksjonæren «che bello» [så fint]. Så vitja vi Den sveitsiske ambassaden i London. Funksjonæren var veldig dyktig og snakka til og med italiensk, men

ho sa at dette *change of name deed* ikkje var nok. Problemet var at det ikkje kunne legaliserast med apostille-stempel, så eg vart nøydd til å lage eit nytt dokument, nemleg ein *statutory declaration*. Dette er også eit dokument som erklærer eit faktum, men vitnet må vere ein autorisert person, som notarius publicus, advokat, eller visse andre kategoriar. Advokatar og andre kan krevje betalt for dette. Deretter kan det britiske utanriksdepartementet verifisere underskrifta til det autoriserte vitnet og legalisere dokumentet med apostille-stempel til bruk av myndigheter i andre land.

Så eg laga ein *statutory declaration* og fann ein notarius publicus. I denne erklæringa stadfestar eg at fødselsattesten min viser til min fødsel og at eg har endra namnet mitt. Det gjekk greitt til slutt, og det sveitsiske folkeregisteret var nøgd.

## **6.7 Namnet til ein ny statsborgar og konflikt mellom sedvanerett og sivilrett**

Da eg skulle søkje italiensk statsborgarskap, måtte søknaden komme med fleire vedlegg, inkludert ein kopi av det britiske passet mitt (med namnet *Guy*) og fødselsattesten (med namnet *James*, legalisert med apostille-stempel og omsett til italiensk). På søknadsskjemaet var det ikkje mogleg å forklare namneendringa. Dimed la eg også ved ein attestert kopi av *change of name deed* og ein ny *statutory declaration* som gjorde greie for situasjonen. Alle dei naudsynlege dokumenta var legaliserte med apostille-stempel, omsett til italiensk, og stadfesta av Det italienske generalkonsulatet som autentiske omsetjingar.

Søknaden måtte leverast samtidig digitalt og personleg på generalkonsulatet i Edinburgh. Generalkonsulatet har eit territorialt ansvar og mottek dokumenta, men det er stort sett innanriksdepartementet i Roma som handsamar søknadene i samråd med fleire andre statsmyndigheter. Da eg søkte i 2016, hadde staten sett seg ein frist for å behandle søknadene innan 730 dagar (D.P.R. 362/1994, art. 3), men litt over 730 dagar etter at eg hadde sendt søknaden, vart fris-

ten forlenga med tilbakeverkande kraft til 48 månader (D.L. 113/2018, art. 14).<sup>10</sup>

Det vart ein del venting, og så var det litt fram og tilbake om namnet. Problemet var at innanriksdepartementet helst ville sjå anten ein fødselsattest med offisielle merknader om namneendringa eller eit anna dokument frå til dømes ein tingrett eller domstol som konstaterde endringa. Da dei bad om dette, fekk eg 30 dagar til å sende noko, elles ville søknaden verte avslått.

I England og Wales er det diverre slik at fødselsregisteret berre kan endrast i nokre ekstreme tilfelle. Registeret og fødselsattesten representerer berre korleis situasjonen var den dagen i 1984 og kva namnet mitt var da. Førenamnefeltet i registeret kan berre endrast innan tolv månader sidan fødselen vart registrert, og registratoren kan ikkje skrive andre merknader på fødselsattestar (Births and Deaths Registration Act 1953, s. 13(1), s. 29(1)). Dei einaste andre unntak er når namnet også var historisk feil i perioden da barnet var født (Births and Deaths Registration Act 1953, s. 29), eller om ein har endra juridisk kjønn (Gender Recognition Act 2004, Schedule 3). Fødselsregisteret i England and Wales «does not confer a name, but merely commences a repute» (Caplan 2001:63), og det same gjeld fødselsattesten, som er eit utdrag frå fødselsregisteret.

Dersom eg var fødd i Skottland, hadde det heile vore mykje lettare. I Skottland finst det eit særskilt register for endringar, så ein kan faktisk få merknader i fødselsattesten som stadfestar både det gamle og det nye namnet (Registration of Births, Deaths and Marriages (Scotland) Act 1965, s. 43–44), og det same gjeld i Nord-Irland (Births and Deaths Registration (Northern Ireland) Order 1976, art. 37), men diverre var eg fødd i England.

Når det gjeld tingrett eller domstol, er det som sagt slik at dei ikkje blandar seg inn i namnesaker veldig ofte. Eg kunne eventuelt få ei eidfesta erklæring med ein *Justice of the Peace* [fredsdommar] som vitne, men eg spurde fredsdommaren, som sa at *statutory declaration*, som eg allereie hadde sendt, var det riktige dokumentet.

<sup>10</sup> I 2020 vart fristen for nye søknader forkorta igjen til 24 månader, men kan forlengjast til 36 månader.

Eg måtte sende noko, så eg sende ein kopi av vigselattesten, som konstaterte begge namna i det same dokumentet (sjå figur 5), og etter kvart innsåg det italienske innanriksdepartementet at det ikkje var noko meir eg kunne tilby. Eg hadde allereie levert dei riktige dokumenta, og britiske myndigheter hadde jo utferda passet mitt med det nye namnet.

3.	Bridegroom
Forename(s)	Guy Edward Michael (formerly James Edward Michael)
Surname(s)	Puzey
(Signed)	Guy Puzey

Figur 5: Vigselattest frå 2013. Crown copyright.

Søknaden fekk gå vidare, og til slutt vart eg innkalla til å avleggje eid som ny statsborgar. Namnet var riktig på borgarskapsdekretet (sjå figur 6). Eg skulle endeleg verte italiensk statsborgar. Etter møtet på generalkonsulatet spaserte vi derfrå til pizzarestauranten der vi skulle feire det å vere italienarar alle saman. No hadde vi dessutan vorte tre: Son min var tre veker gammal. Eg gjekk rolegare enn vanleg og følte fred og stille som nybakt far og nybakt italienar. Den vesle familien min var til stades, og det byråkratiske var på plass. Det riktige namnet mitt var intakt og i god behald. Trass usikkerheit i kjølvatnet av folkerøystinga om EU, følte eg også ein ny tryggleik. No kunne vi tre få dei same reisedokumenta og bevege oss under dei same vilkåra.

Vista la legge 5 febbraio 1992, n. 91;

Vista l'istanza presentata dallo straniero di origine britannica Guy Edward Michael PUZEY, nato a [REDACTED] (Regno Unito) il [REDACTED], per ottenere la cittadinanza italiana;  
Rilevato che l'interessato si trova nelle condizioni previste dall'art. 5 della legge 5 febbraio 1992, n. 91 e che non sussistono le cause preclusive previste dall'art. 6 della citata legge;  
Considerato che il Ministero degli Affari Esteri non ha evidenziato la sussistenza di elementi ostativi;  
Visti l'art. 7 della citata legge e la direttiva del Ministro dell'Interno del 7 marzo 2012;  
Visto l'art. 10 della medesima legge;

DECRETA

Al sopra nominato Guy Edward Michael PUZEY, nato a [REDACTED] (Regno Unito) il [REDACTED], è conferita la cittadinanza italiana.

Il presente provvedimento avrà effetto dal giorno successivo alla prestazione del giuramento di cui all'art. 10 della legge 5 febbraio 1992, n. 91.  
Roma, [REDACTED]

Figur 6: Borgarskapsdekret frå 2019.

Fødselsattesten til son min var også i boks. Eg håpar at han liker namnet sitt, eller namna sine. Han var jo fødd i Skottland, der fødselsattesten gir meir rom for moglege endringar. Namnet hans er i alle fall juridisk stadfesta både i Skottland, Italia og Sveits.

Så kom ein ny e-post frå generalkonsulatet. Det herska nemleg tvil om kommunen der eg skal verte registrert i Italia, skulle transkribere namnet mitt slik som det var i 1984 eller slik som det er no. Dimed må eg vente igjen. Til slutt gjer kommunen det pragmatiske og transkriberer namnet mitt riktig ved å sjå på det som ei retting, som det faktisk var: Namnet må nemleg stemme overeins med borgarskapsdekkretet.

Denne løysinga som beskytta og stadfesta *Guy* som det riktige første førenamnet mitt, var dessutan i samsvar med artikkel 2 og 22 av den italienske grunnlova (Costituzione della Repubblica Italiana):

La Repubblica riconosce e garantisce i diritti inviolabili dell'uomo, sia come singolo sia nelle formazioni sociali ove si svolge la sua personalità [...].

[Republikken anerkjenner og garanterer menneskets ukrenkelege rettar, både som individ og i dei sosiale gruppene der mennesket uttrykker personlegdomen sin [...].]

(Artikkel 2)

Nessuno può essere privato, per motivi politici, della capacità giuridica, della cittadinanza, del nome.

[Ingen kan miste [oppleve at staten eller andre tek bort] av politiske grunner sin juridiske status, sitt statsborgarskap eller sitt namn]. (Artikkel 22)

Bruno Barel (2015:390) skriv at Den europeiske unionens domstol har gripe inn fleire gonger om liknande tema og har fastslått at det er i strid med EU-rett dersom ein stat tvangsendrar eit namn som allereie vert brukt i samsvar med andre nasjonale regelverk, også når vedkommande har dobbelt statsborgarskap. Den italienske grunnlovsretten har i tillegg betrakta det at vedkommande har fått ein ny status, som hen ikkje hadde frå før, som ein utilstrekkeleg grunn til å

forsvare namneendringar mot namneberarens vilje (Barel 2015:391). Dimed skriv Barel (2015:392) at i nokså liknande situasjonar:

[...] assume preminenza – dovendosi tutelare l'individuo nei suoi diritti fondamentali – il suo diritto di mantenere il nome ormai di fatto – e di diritto, secondo la *lex loci* – acquisito, da ritenersi non più suscettibile di cambiamento coercitivo – salva una diversa volontà dell'interessato – allorché eventualmente si determini un contatto con l'ordinamento di stato civile italiano.

[... ettersom dei grunnleggjande rettane til individet må vernast [av staten], skal retten som eit individ har til å oppretthalde namnet som faktisk allereie er i bruk, også juridisk sett ifølgje *lex loci*, få prioritet, [og namnet] må ikkje vere gjenstand for tvangsendringar, med mindre vedkommande eigentleg vil endre namnet, når individet først skulle komme inn i det italienske folkeregisteret.]

Consiglio di Stato (statsrådet i Italia), som regulerer funksjonane og arbeidsmåtane til offentlege myndigheter, tok det opp som eit problem i 2013 at mange nye statsborgarar er nøydde til å inngå den italienske namneendringsprosedyren med ein gong dei har vorte statsborgarar. Dette gjeld ikkje minst etternamn som følgjer andre reglar i andre land, men det er også relevant for førenamn. Statsrådet skriv:

Non vi è dubbio, allora, che una normativa che subordini, al momento dell'acquisto della cittadinanza in uno Stato membro dell'Unione Europea, il riconoscimento del proprio nome ad una procedura che eccede quella strettamente necessaria per codesto acquisto, caratterizzata altresì da valutazioni discrezionali dell'Autorità pubblica, costituisca una restrizione sproporzionata della libertà di circolazione e una violazione del principio di non discriminazione, nonché una restrizione indebita e non giustificata da motivi di interesse generale di un diritto fondamentale della persona.

[Når eit menneske får borgarskap i ein EU-stat, er det dimed ingen tvil om at ei ordning som utset anerkjenninga av namnet for ein prosedyre som overskrid det som strengt tatt er naudsynleg for å få statsborgarskapet, sjølv om [prosedyren] er karakterisert av myndigheites bruk av skjønn og dømekraft, utgjer både ei uforholdsmessig innskrenking av fri rørsle, eit brot på prinsipp som

skal hindre diskriminering, og ei urettmessig innskrenking, som ikkje er støtta av allmenn interesse, av ein grunnleggjande menneskerett.] (Consiglio di Stato 2013)

Løysinga skulle ifølgje Consiglio di Stato (2013) vere «di consentire l'attribuzione del nome di origine al momento di acquisto della cittadinanza italiana» [å gi rom for å tilskrive opphavsnamnet når vedkommande får italiensk statsborgarskap]. Innanriksdepartementet kom med eit rundskriv om korleis dette skulle gjerast, nemleg at det juridiske namnet ifølgje *lex loci* i opphavsstaten kan tilskrivast alleie i borgarskapsdekreten (Ministero dell'interno 2013:9), og det var nettopp dette som eg fekk. Den vanlege føresetnaden er at fødselsattesten gir denne forma av namnet, men det gjer ikkje fødselsattesten i mitt tilfelle fordi eg var fødd i eit land med ganske frie sedvanerettstolkingar av namnespørsmål, men *Guy* er likevel det juridiske korrekte første førenamnet mitt.

Her ser vi ein tydeleg konflikt mellom ein sedvanerettstradisjon som i England og ein sivilrettstradisjon som i Italia eller Sveits, med Skottland som ei spesiell blanding av dei to modellane. Det skotske systemet inneber høvet for å endre namnet som ein vil, men også sjansen for å få eit nytt namn transkribert i fødselsattesten på ein ganske enkel måte. Men dette føreset sjølv sagt at vedkommande er fødd i Skottland.

## 5. Namnedysfori

No er situasjonen klargjort: Det riktige namnet kom i dei italienske registera, og det italienske passet og identiteteskortet mitt viser det riktige namnet. Kvar gong namnet mitt vart trekt i tvil, var det likevel ein fare for den frie rørsla mi, og det opna dessutan ein mental snarveg til angst og därlege kjensler frå fortida. Thorne og Sanders (2013:31) summerer opp Carl Rogers' tolking av inkongruens slik:

[...] for many people there develops over time a marked discrepancy between the self as perceived and the actual experience of the total organism. Where such a discrepancy exists Rogers speaks

of an incongruence between self and experience. This incongruence leads to a psychological vulnerability which will often render the person anxious and confused whenever an experience is perceived or in some way anticipated as being incongruent with the structure of the self and the current self-concept. The outcome of psychological vulnerability of this kind is a defensive response to experiences that in some way threaten the person's concept of self.

Det var nettopp dette eg opplevde. Som *James* opplevde eg inkongruens, og namneendringa til *Guy* gjorde mykje for å sameine i meg «the self as perceived» med «the actual experience of the total organism». Kvar gong det nye namnet mitt har stått i fare for ikkje å verte akseptert, opplevde eg igjen ei sterk indre usemje som faktisk trua sjølvomgrepet mitt. Når andre menneske set spørsmålsteikn ved namnet til nokon, kan det kjennast som om dei stiller seg tvilande til personen sjølv (Hagström 2012:82).

Bill Nicolaisen (1999:180) skreiv om dei tre førenamna frå fødselsattesten sin:

Fortunately, the chains which this onomastic triplet has placed on me have been very light, even comfortable, sartorial items, and I have never thought of them as a burden or felt the need to divest myself of them in any mood of protest or resentment or because of a feeling of inappropriate identity.

Slik var det ikkje med mitt første førenamn. Å seie at eg heitte *James* kjendest som å lyge sjølv da det framleis var sant. Dersom eg skulle tvingast til å bruke namnet *James* no, vert det også ei løgn juridisk sett, og når eg tenkjer på at det gamle namnet mitt eingong denoterte meg, kan eg oppleve ein angst som er mykje meir enn berre frustrasjon. Sjølv om eg veit at eg var han som heitte *James*, er det vanskeleg å forsona meg med den yngre versjonen av meg sjølv. Til ein viss grad er dette kanskje noko mange kan oppleve når dei tenkjer på seg sjølv som barn, men kva det vil seie for identiteten når ein endrar namnet sitt, er nok meir spesifikt. Eg vil gå så langt å seie at dette faktisk var ein slags *namnedysfori* (eng. *onomastic dysphoria*), eit ganske sterkt psykisk ubehag med førenamnet som står i fødselsregisteret.

Eg erkjenner sjølv sagt at dette kanskje ikkje kjem i nærleiken av ubehaget som folk opplever med til dømes kjønnsdysfori, men namnedysfori kan også vere veldig problematisk for transpersonar, ikkje minst dersom dei opplever at andre personar eller instansar bruker det «avdøde» namnet deira, altså *deadnaming*. Kjønn er ofte markert i personnamn, og forskingslitteraturen om namneendring blant transpersonar viser at «a wrongly gendered name just does not feel one's own» (Leino 2014:809). Transpersonar kan ofte oppleve større problem med namn og borgarskapsspørsmål, og om det er mogleg å bytte namn varierer rundt i verda:

This is a form of state violence against a specific population, those who fall outside of and disrupt established binary gender norms. Access to the ability to legally change one's name and gender designation, in effect having control over one's own identity, thus is key to reducing trans violence and increasing trans people's chances to live fulfilling, self-actualized lives. (Farrow 2019:13)

Nokre statar anerkjenner denne globale variasjonen i reglementet om identitetspapir. Samtidig som det britiske regelverket tillåt namneendring, krev det at ein person ikkje bruker forskjellige namn samtidig i offisielle samanhengar. Dette inneber at ein person med dobbelt statsborgarskap må forsikre seg om at dokumenta frå dei forskjellige statane viser det same namnet. Men det finst unntak, som for eksempel: «The applicant has changed their name as a result of a change of gender and the law in the applicant's country of origin does not recognise or permit a change of gender» (Home Office 2016:7). Da får søkjaren lov til å ha pass i forskjellige namn.

Det er veldig viktig at det finst rom for slike unntak og pragmatiske løysingar når identiteten til eit individ står på spel. Det trengst kanskje også lovendringar slik at fødselsattestar i England og Wales kan vise eit namn som vert endra seinare i livet.

## 6. Konklusjon

Remembering becomes inquiry. [...] Memories are not replicas of experience; they're what we have turned our experiences into through the activity of remembering. (Bochner 2017:73)

Det kan vere både lærerikt og nyttig om namnforskjarar vil engasjere seg med sjølvetnografi som metode. Det kan likevel vere krevjande, og ein kan kjenne seg ganske utsett. Her var det sjølvvald namneendring som stod i fokus, og sjølvetnografien har gjort det mogleg å skildre dei sosiale posisjoneringane som oppstod i den samanhengen, men eg vil meine at denne metoden kan vere med på å fortelje mange andre slags namnehistorier. Eg meiner at sjølvetnografi kan gi oss spesielt mange nye innsikter i det emosjonelle og det affektive ved namnebruk. Ein kjem særleg tett på namna i sjølvetnografien.

Dei fleste sjølvetnografiane fokuserer mest på røynsla til eitt enkeltmenneske. Det er dimed ein effektiv metode for å komme djupt inn i den subjektive røynsla til akkurat det enkeltmennesket, som oftast for å ta opp meir ålmenne problem, men det er opplagde og ibuande avgrensingar i dette. Fleire sjølvetnografiar om namn må til for å danne eit større og meir mangfaldig bilet av korleis vi opplever namna i liva våre. Sjølvetnografien er spesielt nyttig når ein vil utforske maktubalansar eller bryte stilla om gløymde eller undertrykte menneskelege røynsler (Adams et al. 2015:103). Med særleg tanke på namnebyte og identitetspapir, vil eg gjerne oppmuntre andre til å fortelje historier om sine røynsler frå eit onomastisk perspektiv, inkludert folk som har opplevd store forskjellar i namnetradisjonar, og transpersonar om korleis dei opplever namnebyte og *deadnaming* (Sinclair-Palm 2017; O’Shea 2018; Thieme & Saunders 2018; Farrow 2019; Sinclair-Palm & Chokly 2023) og om korleis det er å navigere byråkrati når eventuelt både namn og kjønn er endra. Vi treng rett og slett meir kunnskap om slike sider av namn, dersom forskarar kjenner seg trygge nok til å fortelje om noko som kan vere emosjonelt og etisk vanskeleg å ta opp.

Med tanke på identitetspapira og på dei forskjellige regelverka som har utøvd makt overfor namnet mitt, handla denne sjølvetnografien

dessutan om byråkratiske posisjoneringar og om mitt namn som reiste over grenser mellom England, Skottland og Italia. Sjølv om desse var interne europeiske grenser, var det likevel ei ganske kompleks reise. I mitt tilfelle var situasjonen ikkje like kritisk som mange andre opplever når dei kryssar grenser saman med namna sine.

EU- og EØS-borgarar kan oppleve fri rørsle for personar, men eg vil føreslå at vi også treng fri rørsle for namn. Eit slikt regelverk må også tydeleg respektere namneendringar etter fødsel. Fri rørsle for namn kan og bør strekke seg vidare til for eksempel bruk av korrekte diakritiske teikn. Bernd Kappenberg (2014) argumenterer at myndigheter usystematiske eller manglante bruk av diakritiske teikn i personnamn er i strid med det europeiske idealet om gjensidig aksept og kulturelt utbytte. Desse kan sjå ut som primært byråkratiske saker, men som eg har vist, kjem dei inn på fleire grunnleggjande rettar, og vi må ikkje undervurdere den psykologiske effekten av ordningar som truar identiteten til eit individ. Katarzyna Marciniak (2006:17) omtaler dei påtvinga namneendringane som skjedde blant innvandrarar på Ellis Island i New York som eit eksempel på antropofagi, ein praksis som fortærer eit menneske. Det er ein sterk metafor, men det seier mykje om kor tett banda er mellom namnet og individet, og om kor stor urett folk kan lide når myndigheter tek bort namnet deira.

Orvar Löfgren (2015:271) spør: «Who am I? I am reduced to a passport carrier: I am a citizen, a *Swedish citizen*» (original framheving). Ei justering av maktbalansen når det gjeld namnespørsmål vil kanskje bidra til at vi ikkje vert redusert berre til passberarar. Samtidig må vi også hugse ulike maktforhold mellom statsborgarar i forskjellige land, vere det seg Sverige, Skottland eller kvar som helst. Eg nemna EU og EØS ovanfor i håpet om at friare rørsle for namn kan vere lettare å oppnå i eit område der dei mest privilegerte statsborgarane allereie kan flytte over statsgrenser ganske lett, men friare rørsle for namn kan gjerne vere eit godt mål på verdsbasis. Det største hindret for fri rørsle er nok nasjonalt borgarskap som omgrep (Kochenov 2020), og Mongolia (1999:554) viser at passet er eit dokument «born out of an attempt to restrict movement along national lines that are explicitly raced».

I dei siste åra har vi opplevd fleire historiske mobilitetskriser. I løpet av pandemien har jo statsgrenser vorte vanskelegare å krysse, og i nokre land gjaldt dette også kommune- eller fylkesgrenser, eller til og med grensa som dørterskelen teiknar for eit kvart hus og ein kvar heim. Mellom Storbritannia på den eine sida og EU og EØS på den andre har mange millionar av borgarar nyleg mista omfattande mobilitetsrettar. Og ikkje minst er det ifølgje SN sin høgkommissær for flyktningar og SN sin hjelpeorganisasjon for palestinske flyktningar i Midtausten no ca. 35,3 millionar flyktningar i verda som søker tryggleik (UNHCR 2023). Vi ser mange tragediar blant flyktningar og andre migrantar som kryssar hav og land for å søkje eit betre liv. Mange dør under farlege reiser.

Det minste statar kan gjere når det skjer daglege menneskelege tragediar ved grensene og når identitetar vert så sårbare, er å vise meir respekt for migrantar og andre nye statsborgarar ved å tiltale dei med eit namn som ikkje skadar sjølvomgrepet deira, som ikkje dannar inkongruens, eller som i alle fall er juridisk korrekt.

## Summary

Autoethnography is a qualitative method whereby researchers reflect upon their own experiences to describe or evaluate wider cultural or social phenomena. While this approach has been used in the social sciences for several decades, it has not yet found much explicit application in the field of onomastics. That said, a number of name scholars have effectively carried out such studies, albeit without using the term itself (e.g. Nicolaisen 1999; Helleland 2012), and Sara Louise Wheeler (2016; 2018a; 2018b) has done excellent work seeking to bridge the gap, setting out the value of *autoethnographic onomastics*, or *onomastic autoethnography*. This article seeks to inspire further such work in onomastics.

The autoethnographic study at the core of this article reflects upon the feelings I had from a very early age about the first name I was originally given at birth, and why I decided to change it. I explore the experience of crossing the border between one name and the other,

and what implications the name change has had in crossing borders between countries, particularly between England, Scotland, and Italy. Combined with the autoethnographic approach is analysis of the use of personal names in identity documents and the regulatory frameworks involved.

Having situated my old first name in its macro- and micro-socio-cultural context, I discuss the reasons why I never felt that this name was a good fit, and why I felt increasingly uncomfortable with it. Through reference to the work of Carl Rogers (e.g. 1957; 1959), the concept of *conditions of worth* emerges as particularly relevant for exploring naming processes, while the notion of *incongruence* provides an apt framework for understanding what may lie behind many name changes.

I then discuss the inspiration for the new name I chose. After using that name for some time, it came to have a meaning to me as an individual that was independent of the original name-bearer that had inspired my choice. In the same period that I changed my name by usage, around the age of ten, I moved from England to Scotland. Beyond the personal sphere, I explain legal and bureaucratic implications of my name change, firstly in connection with England's common law tradition and Scotland's mixed legal tradition with significant elements of common law and civil law.

With reference to my later application for naturalisation as an Italian citizen by virtue of *jus matrimonii*, I then highlight some problems that can emerge when a common law onomastic tradition comes into conflict with a civil law framework, especially when procedures in England (and Wales) mean that the information on a birth certificate almost always remains the same even after a name change, as the name at the time the birth was registered is seen as a matter of historical fact, not a reflection of the current legal situation. During and after the naturalisation process, questions were raised a number of times by Italian authorities about which first name I could be assigned as an Italian citizen, since my birth certificate does not match my actual legal name. A pragmatic solution was eventually found: this article demonstrates why it was also the legally correct solution.

Every time my legal name appeared to be doubted by authorities, my free movement felt at stake. It also created a short circuit to anxiety and other negative feelings from the past, as is typical of resurfacing incongruence. In psychological terms, I believe the original incongruence that I experienced and that I again experienced when my onomastic identity seemed in danger represented a threat to my self-concept. Changing my name went a long way to unite in me ‘the self as perceived’ with ‘the actual experience of the total organism’ (Thorne and Sanders 2013:31).

I believe cases such as this could be described as *onomastic dysphoria*: an intense unease caused by a mismatch between an individual’s own name and their identity or self-concept. I fully acknowledge that this dysphoria is unlikely to be as extreme as experienced with e.g. gender dysphoria, but onomastic dysphoria may also be experienced by trans people, who can encounter much greater difficulties with identity documents and onomastic aggression by others through *deadnaming*.

In conclusion, the article calls for a principle of free movement of names to avoid complications when legal frameworks for naming come into conflict. While this may seem a primarily bureaucratic matter, the article illustrates its relevance for a variety of fundamental rights, and we must not underestimate the psychological effect when official procedures threaten an individual’s identity. With recent historic crises of mobility, not to mention the terrible risks and prejudices that migrants often face, surely it is not asking much for states to show more respect for migrants and other new citizens by addressing them with a name that does not threaten their identity or personal integrity.

## Kjelder

- Adams, Tony E. 2017. Autoethnographic responsibilities. *International Review of Qualitative Research* 10(1). 62–66.
- Adams, Tony E., Holman Jones, Stacy & Ellis, Carolyn. 2015. *Autoethnography*. Oxford: Oxford University Press.

- Aguirre, Regina T. P. & Duncan, Chad. 2013. Being an elbow: A phenomenological autoethnography of faculty-student collaboration for accommodations. *Journal of Teaching in Social Work* 33(4–5). 531–551.
- Ainiala, Terhi, Aldrin, Emilia & Eggert, Birgit. 2023. New trends in Nordic socio-onomastics: International cooperation and examples of objectives. I Bijak, Urszula, Swoboda, Paweł & Walkowiak, Justyna B. (red.), *Proceedings of the 27th International Congress of Onomastic Sciences*, bind 3. *Onomastics in interaction with other branches of science*, 525–539. Kraków: Jagiellonian University Press.
- Aldrin, Emilia. 2011. *Namnval som social handling: Val av förnamn och samtal om förnamn bland föräldrar i Göteborg 2007–2009*. Uppsala: Uppsala universitet.
- Aldrin, Emilia. 2017. Creating identities through the choice of first names. I Ainiala, Terhi & Östman, Jan-Ola (red.), *Socio-onomastics: The pragmatics of names*, 45–68. Amsterdam/Philadelphia: John Benjamins.
- Almassri, Anas N. 2023. Critical realist autoethnography in international scholarships impact research: An illustrative proposal. *International Journal of Educational Research* 122. <https://doi.org/10.1016/j.ijer.2023.102254> (henta 30. januar 2024).
- Anderson, Leon. 2006. Analytic autoethnography. *Journal of Contemporary Ethnography* 35(4). 373–395.
- Barel, Bruno. 2015. Cittadinanza. I Morozzo della Rocca, Paolo (red.), *Immigrazione, asilo e cittadinanza: Discipline e orientamenti giurisprudenziali*, 2. utgåve, 365–399. Santarcangelo di Romagna: Maggioli Editore.
- Billig, Michael. 1995. *Banal nationalism*. London: SAGE.
- Baiburin, Albert. 2021. *The Soviet passport: The history, nature and uses of the internal passport in the USSR*. Omsett av Stephen Dalziel. Cambridge: Polity Press.
- Births and Deaths Registration Act. 1953. 1 & 2 Eliz. 2. c. 20.
- Births and Deaths Registration (Northern Ireland) Order. 1976. No. 1041 (N.I. 14).
- Bochner, Arthur P. 2017. Heart of the matter: A mini-manifesto for autoethnography. *International Review of Qualitative Research* 10(1). 67–80.
- Bochner, Arthur P. & Ellis, Carolyn. 2016. *Evocative autoethnography: Writing lives and telling stories*. Abingdon: Routledge.
- Bondi, Liz. 2014. What's in a name? Secrets, haunting, and family ties. I Wyatt, Jonathan & Adams, Tony E. (red.), *On (writing) families: Autoethnographies of presence and absence, love and loss*, 43–48. Rotterdam: Sense.

- Bramwell, Ellen S. 2011. *Naming in society: A cross-cultural study of five communities in Scotland*. Glasgow: University of Glasgow.
- Caplan, Jane. 2001. «This or that particular person»: Protocols of identification in nineteenth-century Europe. I Caplan, Jane & Torpey, John (red.), *Documenting individual identity: The development of state practices in the modern world*, 49–66. Princeton: Princeton University Press.
- Cho, Lily. 2009. Citizenship, diaspora and the bonds of affect: The passport photograph. *Photography & Culture* 2(3). 275–288.
- Consiglio di Stato. 2013. Parere 850/2013 (22. februar 2013).
- Constable, Nicole. 2022. *Passport entanglements: Protection, care, and precarious migrations*. Oakland: University of California Press.
- Copp, Martha A. 2008. Emotions in qualitative research. I Given, Lisa M. (red.), *The SAGE encyclopedia of qualitative research methods*, bind 1, 249–252. London: SAGE.
- Costituzione della Repubblica Italiana.
- Council of the European Union. 2023. PRADO (Public register of authentic identity and travel documents online). <https://www.consilium.europa.eu/prado> (henta 8. august 2023).
- Cowley, Earl v Cowley, Countess. 1901. A.C. 450, House of Lords (31. juli 1901). <https://deedpolloffice.com/change-name/law/case-law/Cowley-v-Cowley-1901> (henta 8. august 2023).
- D.L. 113/2018 (Decreto-Legge 4 ottobre 2018, n. 113). Disposizioni urgenti in materia di protezione internazionale e immigrazione, sicurezza pubblica, nonché misure per la funzionalità del Ministero dell'interno e l'organizzazione e il funzionamento dell'Agenzia nazionale per l'amministrazione e la destinazione dei beni sequestrati e confiscati alla criminalità organizzata.
- Dobuzinskis, Laurent. 1997. Historical and epistemological trends in public administration. *Journal of Management History* 3(4). 298–316.
- D.P.R. 362/1994 (Decreto del Presidente della Repubblica 18 aprile 1994, n. 362). Regolamento recante disciplina dei procedimenti d'acquisto della cittadinanza italiana.
- Ellis, Carolyn. 1991. Sociological introspection and emotional experience. *Symbolic Interaction* 14(1). 23–50.
- Ellis, Carolyn. 2004. *The ethnographic I: A methodological novel about autoethnography*. Walnut Creek: AltaMira.
- Ellis, Carolyn. 2008. Systematic sociological introspection. I Given, Lisa M. (red.), *The SAGE encyclopedia of qualitative research methods*, bind 2, 853–854. London: SAGE.

- Erdal, Marta Bivand & Midtbøen, Arnfinn H. 2023. «Birthplace unknown»: On the symbolic value of the passport for identity-construction among naturalised citizens. *Identities* 30(1). 19–37.
- Farrow, Mira. 2019. *Transgender vulnerabilities: State issued identity documents and third gender options*. Tacoma: University of Washington Tacoma. (Masteravhandling.)
- Flyvbjerg, Bent. 2001. *Making social science matter: Why social inquiry fails and how it can succeed again*. Omsett av Steven Sampson. Cambridge: Cambridge University Press.
- Flyvbjerg, Bent. 2003. Fem missförstånd om fallstudieforskning. *Statsvetenskaplig Tidskrift* 106(3). 185–206.
- Fox, Ragan. 2021. Recalling emotional recall: Reflecting on the methodological significance of affective memory in autoethnography. *Text and Performance Quarterly* 41(1–2). 61–80.
- Francis, Martin. 2008. *The flyer: British culture and the Royal Air Force 1939–1945*. Oxford: Oxford University Press.
- Gariglio, Luigi. 2018. Doing (prison) research differently: Reflections on autoethnography and «emotional recall». *Oñati Socio-Legal Series* 8(2). 205–224.
- Gender Recognition Act. 2004. c. 7.
- Grimsgaard, Øystein Søraas. 2009. *Anvendt positiv psykologi: Et metateoretisk perspektiv*. Oslo: Universitetet i Oslo. (Hovudoppgåve.)
- Grønstad, Line Førre. 2020. *Fellesskap og individualitet: Kjønna etternamnsval blant norske menn i heterofile parforhold*. Bergen: Universitetet i Bergen.
- Hagström, Charlotte. 2006. *Man är vad man heter: Namn och identitet*. Stockholm: Carlsson.
- Hagström, Charlotte. 2012. Naming me, naming you. Personal names, online signatures and cultural meaning. I Helleland, Botolv, Ore, Christian-Emil & Wikstrøm, Solveig (red.), *Names and identities* (Oslo Studies in Language 4(2).) 81–93. Oslo: Universitetet i Oslo.
- Handley, Rhys. 2019. De La Rue to cut 170 jobs, Unite blames passport loss. *Printweek* 26 juni 2019. <https://www.printweek.com/news/article/de-la-rue-to-cut-170-jobs-unite-blames-passport-loss> (hentet 8. august 2023).
- Helleland, Botolv. 2012. Place names and identities. I Helleland, Botolv, Ore, Christian-Emil & Wikstrøm, Solveig (red.), *Names and identities*. (Oslo Studies in Language 4(2).) 95–115. Oslo: Universitetet i Oslo.
- Hennessy, Peter. 1992. Modern history in the making. *The Director* 46(2). 27–29.
- Higgs, Edward. 2011. *Identifying the English: A history of personal identification 1500 to the present*. London: Continuum.

- Home Office (Immigration and Border Policy Directorate). 2016. [Use and change of names:] Annex A: Use of names in passports (16. august 2016). [https://assets.publishing.service.gov.uk/government/uploads/system/uploads/attachment\\_data/file/548220/Annex\\_A\\_passports\\_August\\_2016.pdf](https://assets.publishing.service.gov.uk/government/uploads/system/uploads/attachment_data/file/548220/Annex_A_passports_August_2016.pdf) (henta 8. august 2023).
- Howse, Violet M. 1972. *Pusey: A parish record*. Oxford: Holywell Press.
- Isosävi, Johanna & Lappalainen, Hanna. 2015. First names in Starbucks: A clash of cultures? I Norrby, Catrin & Wide, Camilla (red.), *Address practices as social action: European perspectives*, 97–118. Basingstoke: Palgrave Macmillan.
- Jackson, G. W. L. & Donnelly, G. L. 2001. Popular forenames in Scotland, 1900–2000. National Records of Scotland, Occasional Paper 2 (4. januar 2001). <https://webarchive.nrscotland.gov.uk/20210314115440/> <https://www.nrscotland.gov.uk/statistics-and-data/statistics/statistics-by-theme/vital-events/names/occasional-papers/occasional-paper-no-2-popular-forenames-in-scotland-1900-2000> (henta 8. august 2023).
- Joramo, Unn-Wenche. 2008. *Rådgivningsfunksjonen i den videregående skolen: Elever og rådgiveres syn på rådgivningens form og innhold*. Oslo: Universitetet i Oslo. (Masteravhandling.)
- Kappenberg, Bernd. 2014. *Setting signs for Europe: Why diacritics matter for European integration*. Stuttgart: Ibidem.
- Khosravi, Shahram. 2010. «Illegal» traveller: An auto-ethnography of borders. Basingstoke: Palgrave Macmillan.
- Kochenov, Dmitry Vladimirovich. 2020. Ending the passport apartheid: The alternative to citizenship is no citizenship – A reply. *International Journal of Constitutional Law* 18(4). 1525–1530.
- Kostanski, Laura. 2009. «What's in a name?» Place and toponymic attachment, identity and dependence: A case study of the Grampians (Gariwerd) National Park name restoration process. Ballarat: University of Ballarat.
- Leibring, Katharina. 2016. Från Svensson til Svedjedal – Ett namnbyte i tiden. I Furuland, Gunnar, m.fl. (red.), *Spänning och nyfikenhet: Festskrift till Johan Svedjedal*, 503–511. Möklinta: Gidlunds förlag.
- Leino, Antti. 2014. Man, woman or me? Conflicting identities as evidenced by cross-gender name changes. I Tort i Donada, Joan & Montagut i Montagut, Montserrat (red.), *Els noms en la vida quotidiana: Actes del XXIV Congrés Internacional d'ICOS sobre Ciències Onomàstiques*, 803–811. Barcelona: Departament de Cultura, Generalitat de Catalunya.

- Löfgren, Orvar. 2015. The nationalization of anxiety: A history of border crossings. I Hedetoft, Ulf & Hjort, Mette (red.), *The postnational self: Belonging and identity*, 250–274. Minneapolis: University of Minnesota Press.
- Lucassen, Leo. 2001. A many-headed monster: The evolution of the passport system in the Netherlands and Germany in the long nineteenth century. I Caplan, Jane & Torpey, John (red.), *Documenting individual identity: The development of state practices in the modern world*, 235–255. Princeton: Princeton University Press.
- Majakovskij, Vladimir. (1929) 1970. Et dikt om Sovjetpasset. I *Majakovskij av full strupe*. Gjendikta av Martin Nag, 127–132. Oslo: Gyldendal.
- Marciniak, Katarzyna. 2006. *Alienhood: Citizenship, exile, and the logic of difference*. Minnesota: University of Minnesota Press.
- Ministero dell'interno (Dipartimento per le libertà civili e l'immigrazione). 2013. Circolare 14423 (23. desember 2013).
- Mongia, Radhika Viyas. 1999. Race, nationality, mobility: A history of the passport. *Public Culture* 11(3). 527–556.
- Moxnes, Paul. 1971. Personlighetsforandringer i klient-sentrert terapi. *Nordisk psykologi* 23(2). 174–187.
- Myklebust, Jon Olav. 2002. Utveljing og generalisering i kasusstudiar. *Norsk pedagogisk tidsskrift* 86(5). 423–438.
- National Records of Scotland. 2023. Babies' first names 2022 (30. mars 2023). <https://www.nrscotland.gov.uk/statistics-and-data/statistics/statistics-by-theme/vital-events/names/babies-first-names/babies-first-names-2022> (henta 8. august 2023).
- NESH (Den nasjonale forskningsetiske komité for samfunnsvitenskap og humaniora). 2021. Forskningsetiske retningslinjer for samfunnsvitenskap og humaniora, 5. utgåve (16. desember 2021). <https://www.forskningsetikk.no/retningslinjer/hum-sam/forskningsetiske-retningslinjer-for-samfunnsvitenskap-og-humaniora/> (henta 8. august 2023).
- Nicolaisen, W. F. H. 1999. An onomastic autobiography, or, in the beginning was the name. *Names* 47(3). 179–190.
- Office for National Statistics. 2014. Top 100 baby names in England and Wales: Historical data (15. august 2014). <https://www.ons.gov.uk/peoplepopulationandcommunity/birthsdeathsandmarriages/livebirths/datasets/babynamesenglandandwalestop100babynameshistoricaldata> (henta 8. august 2023).
- O'Shea, Caitlin Saoirse. 2018. This girl's life: An autoethnography. *Organization* 25(1). 3–20.

- Pitard, Jayne. 2019. Autoethnography as a phenomenological tool: Connecting the personal to the cultural. I Liamputong, Pranee (red.), *Handbook of research methods in health social sciences*, 1829–1845. Singapore: Springer Nature Singapore.
- Puchowski, James Konrad. 2023. *Intervention, participation, perception: Case studies of language activism in Catalonia, Norway & Scotland*. Edinburgh: University of Edinburgh.
- Puzeys, Guy, Vuolteenaho, Jani & Wolny, Matthias. 2021. Signals of onomastic capital: From transhistorical roots to the contemporary globalized trend of sponsored names. *Nordisk tidskrift för socioonomastik / Nordic Journal of Socio-Onomastics* 1. 115–155.
- Reed-Danahay, Deborah. 2017. Bourdieu and critical autoethnography: Implications for research, writing, and teaching. *International Journal of Multicultural Education* 19(1). 144–154.
- Registration of Births, Deaths and Marriages (Scotland) Act. 1965. C. 49.
- Richard v William. 1335. 9 Edw. 3. 14 (Court of Common Pleas, Easter Term). <https://deedpolloffice.com/change-name/law/case-law/Richard-v-Wiliam-1335> (henta 8. august 2023).
- Robertson. 1899. 37 S.L.R. 82 (Court of Session, 1st Division, 18. november 1899). <https://deedpolloffice.com/change-name/law/case-law/Robertson-1899> (henta 8. august 2023).
- Rogers, Carl R. 1957. The necessary and sufficient conditions of therapeutic personality change. *Journal of Consulting Psychology* 21(2). 95–103.
- Rogers, Carl R. 1959. A theory of therapy, personality, and interpersonal relationships, as developed in the client-centered framework. I Koch, Sigmund (red.), *Psychology: A study of a science*, bind 3. *Formulations of the person and the social context*, 184–256. New York: McGraw-Hill.
- Sinclair-Palm, Julia. 2017. «It's non-existent»: Haunting in Trans youth narratives about naming. *Bank Street Occasional Paper Series* 37. <https://doi.org/10.58295/2375-3668.1102> (henta 8. august 2023).
- Sinclair-Palm, Julia & Chokly, Kit. 2023. «It's a giant faux pas»: Exploring young trans people's beliefs about deadnaming and the term deadname. *Journal of LGBT Youth* 20(2). 370–389.
- Sjödin, Elaine. 2021. *Namnet ska ge rötter, men också vingar – En sociolinguistisk undersökning av invandrade föräldrars namnval till sina svenska födda barn*. Göteborg: Göteborgs universitet. (Masteravhandling.)
- Sparkes, Andrew C. 2020. Autoethnography: Accept, revise, reject? An evaluative self reflects. *Qualitative Research in Sport, Exercise and Health* 12(2). 289–302.

- Stevens, Alex. 2021. The politics of being an «expert»: A critical realist auto-ethnography of drug policy advisory panels in the UK. *Journal of Qualitative Criminal Justice & Criminology* 10(2).
- Tamm, Maare. (1987) 1990. *Psykologi*. Omsett av Heikki Gröhn og Per Arvid Ølmheim. Oslo: Universitetsforlaget.
- Thieme, Katja & Saunders, Mary Ann S. 2018. How do you wish to be cited? Citation practices and a scholarly community of care in trans studies research articles. *Journal of English for Academic Purposes* 32. 80–90.
- Thomson, Stephen. 2014. Mixed jurisdiction and the Scottish legal tradition: Reconsidering the concept of mixture. *Journal of Civil Law Studies* 7(1). 51–91.
- Thorne, Brian & Sanders, Pete. 2013. *Carl Rogers*, 3. utgåve. London: SAGE.
- Torkelsen, Edwin. 1983. Sverre som løgner: Et forsøk på en psykohistorisk vurdering. *Historisk tidsskrift* 62(4). 419–448.
- Torpey, John. 2018. *The invention of the passport: Surveillance, citizenship and the state*, 2. utgåve. Cambridge: Cambridge University Press.
- UNHCR (United Nations High Commissioner for Refugees). 2023. Refugee data finder: Key indicators (14. juni 2023). <https://www.unhcr.org/refugee-statistics/> (henta 8. august 2023).
- Vesaas, Tarjei. 1934. *Det store spelet*. Oslo: Norli.
- Wheeler, Sara Louise. 2016. Two short «As» and a rolling «R»: Autoethnographic reflections on a «difficult» name. *SAGE Open* 6(3). <https://doi.org/10.1177/2158244016658935> (henta 8. august 2023).
- Wheeler, Sara Louise. 2018a. Autoethnographic onomastics: Transdisciplinary scholarship of personal names and «our stories». *Methodological Innovations* 11(1). <https://doi.org/10.1177/2059799118769818> (henta 8. august 2023).
- Wheeler, Sara Louise. 2018b. «Enwau Prydeinig gwyn?» Problematizing the idea of «White British» names and naming practices from a Welsh perspective. *AlterNative: An International Journal of Indigenous Peoples* 14(3). 251–259.
- Young. 1835. 13 S. 262 (Court of Session, 1<sup>st</sup> Division, 14. januar 1835). <https://deedpolloffice.com/change-name/law/case-law/Young-1835> (henta 8. august 2023).